

Øystre Slidre kommune



ÅRSMELDING
2017

INNHOLD

| | | |
|-----------|---|-----------|
| 1. | RESULTAT OG UTVIKLING I 2017 | 7 |
| 1.1. | Utvikling i lokalsamfunnet | 7 |
| 1.2. | Økonomisk resultat i Øystre Slidre kommune | 8 |
| 1.3. | Utsikter for 2018 | 8 |
| 1.4. | Særlege mål og prioriteringar i 2017 | 9 |
| 1.4.1. | Hovudmål for Øystre Slidre kommune | 9 |
| 1.4.2. | Politiske mål og prioriteringar for 2017 | 11 |
| 2. | ÅRSMELDING JF. KOMMUNELOVA § 48 OG § 10 I REGNSKAPSFORSKRIFTEN | 12 |
| 2.1. | Økonomiske nøkkeltal | 12 |
| 2.2. | Driftsrekneskapen..... | 12 |
| 2.2.1. | Handlingsregel om god økonomistyring..... | 12 |
| 2.2.2. | Driftsinntekter | 13 |
| 2.2.3. | Driftsutgifter..... | 13 |
| 2.3. | Budsjettavvik..... | 13 |
| 2.4. | Kommentarar til budsjettavvik per verksemd | 14 |
| 2.4.1. | Politisk leiing | 14 |
| 2.4.2. | Administrativ leiing og administrasjon..... | 15 |
| 2.4.3. | Opplæring og kulur – felles | 15 |
| 2.4.4. | Grunnskulen..... | 15 |
| 2.4.5. | Barnehagar | 16 |
| 2.4.6. | Kultur | 16 |
| 2.4.7. | Flyktningtenester | 16 |
| 2.4.8. | Helsetenesta | 17 |
| 2.4.9. | Sosiale tenester | 17 |
| 2.4.10. | Institusjon og heimebaserte tenester - IHT | 18 |
| 2.4.11. | Miljøtenesta | 18 |
| 2.4.12. | Tekniske tenester..... | 18 |
| 2.4.13. | Næring og byggesak | 19 |
| 2.5. | Investeringsrekneskapen..... | 19 |
| 2.6. | Balanse – fond – soliditet | 21 |
| 2.6.1. | Nøkkeltal balanse..... | 21 |
| 2.6.2. | Kommentar til lånegjeld..... | 23 |
| 2.7. | Oppsummering | 24 |
| 3. | ORGANISASJON | 25 |
| 3.1. | Rekruttering | 25 |
| 3.2. | Sjukefråvær | 25 |

| | | |
|-----------|---|-----------|
| 3.3. | Lokale lønnsforhandlingar | 26 |
| 3.4. | Likestilling | 26 |
| 3.5. | Arbeidstid/deltid | 28 |
| 3.6. | Etisk standard | 28 |
| 3.7. | Lønnsrekneskapen | 29 |
| 3.8. | Premieavviket/«pensjonsbomba»..... | 29 |
| 4. | INTERKOMMUNALT SAMARBEID..... | 31 |
| 5. | ADMINISTRATIV LEIING | 32 |
| 5.1. | Oversikt over tilsyn i 2013 – 2017 | 32 |
| 5.2. | Beredskap..... | 33 |
| 6. | STABEN..... | 34 |
| 6.1. | Viktige saker og hendingar i 2017 | 34 |
| 6.2. | Mål og måloppnåing | 34 |
| 6.3. | Informasjon, arkiv, sentralbord, postmottak | 34 |
| 6.4. | Rekneskapsavdeling..... | 34 |
| 6.5. | Løns- og personalavdeling | 35 |
| 6.6. | Bevillingssaker m.m..... | 35 |
| 6.7. | Stortingsval | 35 |
| 7. | PLANAVDELINGA..... | 36 |
| 8. | OPPLÆRING OG KULTUR | 38 |
| 8.1. | Grunnskulen | 38 |
| 8.1.1. | Mål..... | 38 |
| 8.1.2. | Måloppnåing..... | 38 |
| 8.1.3. | Tiltak i 2017 for å oppnå mål..... | 40 |
| 8.1.4. | Elevtal og prognosar | 40 |
| 8.1.5. | Arbeidet i skulane..... | 40 |
| 8.2. | Barnehagar | 41 |
| 8.2.1. | Mål..... | 41 |
| 8.2.2. | Måloppnåing..... | 41 |
| 8.2.3. | Tiltak i 2017 for å oppnå mål..... | 41 |
| 8.2.4. | Tenester og oppgåver i tenesteområdet..... | 41 |
| 8.2.5. | Arbeidet i barnehagane..... | 41 |
| 8.2.6. | Privat barnehage..... | 42 |
| 8.3. | Kultur | 42 |
| 8.3.1. | Viktige saker i 2017 | 42 |
| 8.3.2. | Mål og måloppnåing | 42 |
| 8.3.3. | Om dei ulike områda | 42 |
| 8.3.4. | Kulturtilskot..... | 43 |

| | | |
|------------|---|-----------|
| 8.3.5. | Oppsummering..... | 44 |
| 8.4. | Flyktningtenesta..... | 44 |
| 8.4.1. | Mål..... | 44 |
| 8.4.2. | Målloppnåing..... | 44 |
| 8.4.3. | Tiltak for å nå måla..... | 45 |
| 8.4.4. | Tenester og oppgåver i tenesta | 45 |
| 9. | HELSE OG OMSORG | 46 |
| 9.1. | Viktige saker og hendingar i 2017 | 46 |
| 9.2. | Mål | 46 |
| 9.3. | Verksemndene..... | 46 |
| 9.3.1. | Miljøtenesta..... | 46 |
| 9.3.2. | IHT - Institusjon og heimebaserte tenester | 47 |
| 9.3.3. | Helseavdelinga..... | 48 |
| 9.4. | Utdringar i området for helse og omsorg..... | 49 |
| 9.5. | Folkehelseprofilen 2018 | 49 |
| 10. | TEKNISKE TENESTER..... | 50 |
| 10.1. | Viktige saker og hendingar i 2017 | 50 |
| 10.2. | Mål og måloppnåing | 50 |
| 10.3. | Kommunale eigedomar | 50 |
| 10.4. | Reinhaldstenesta | 51 |
| 10.5. | Kommunale vegar..... | 51 |
| 10.6. | Vatn og avlaup..... | 52 |
| 10.7. | Brann og feiing..... | 53 |
| 10.8. | Investeringsprosjekt/utbyggingar i 2017 | 53 |
| 11. | NÆRING OG BYGGESAK | 55 |
| 11.1. | Generelt om avdelinga og hendingar i 2017 | 55 |
| 11.2. | Byggensak | 56 |
| 11.3. | Kart og oppmåling..... | 57 |
| 11.4. | Jordbruk..... | 58 |
| 11.5. | Skogbruk..... | 60 |
| 11.6. | Viltforvaltning | 61 |
| 12. | KRAFTFORVALTNING..... | 63 |
| 13. | FINANSFORVALTNING..... | 64 |
| 14. | ÅRSMELDING FOR OMSORGSFONDET 2017..... | 65 |
| 15. | VALDRES-GIS – VERTSKOMMUNE VANG KOMMUNE..... | 66 |
| 15.1. | Årsmelding 2017 for Valdres-GIS..... | 66 |
| 15.1.1. | Heilskapleg vurdering..... | 66 |

| | | |
|------------|---|-----------|
| 15.1.2. | Sentrale hendingar og aktivitetar | 67 |
| 15.1.3. | Resultat og avvik..... | 67 |
| 15.1.4. | Utfordringar og strategiar framover | 68 |
| 16. | INNKJØP - VERTSKOMMUNE SØR-AURDAL KOMMUNE | 69 |
| 16.1.1. | Helhetsvurdering | 69 |
| 16.1.2. | Sentrale hendelser og aktiviteter | 69 |
| 16.1.3. | Resultat og avvik..... | 70 |
| 17. | FORSIKRINGSORDNINGEN FOR KOMMUNENE I VALDRES (FOKVA) | 72 |
| 17.1. | Helhetsvurdering..... | 72 |
| 17.2. | Sentrale hendelser og aktiviteter | 72 |
| 17.3. | Resultat og avvik | 73 |
| 18. | TENESTER I VERTSKOMMUNE NORD-AURDAL KOMMUNE..... | 75 |
| 18.1. | Skatteoppkreveren for Valdres | 75 |
| 18.1.1. | Helhetsvurdering | 75 |
| 18.1.2. | Sentrale hendelser og aktiviteter | 75 |
| 18.1.3. | Resultater og avvik..... | 75 |
| 18.1.4. | Økonomi..... | 75 |
| 18.1.5. | Utfordringer og strategier fremover..... | 76 |
| 18.2. | Pedagogisk – psykologisk tjeneste i Valdres (PPTV)..... | 77 |
| 18.2.1. | Helhetsvurdering | 77 |
| 18.2.2. | Sentrale hendelser og aktiviteter | 77 |
| 18.2.3. | Resultat og avvik..... | 78 |
| 18.2.4. | Økonomi..... | 79 |
| 18.2.5. | Utfordringer og strategier framover..... | 80 |
| 18.3. | Interkommunal barneverntjeneste i Valdres | 81 |
| 18.3.1. | Helhetsvurdering | 81 |
| 18.3.2. | Sentrale hendelser og aktiviteter | 81 |
| 18.3.3. | Resultat og avvik..... | 83 |
| 18.3.4. | Økonomi..... | 84 |
| 18.3.5. | Utfordringer og strategier framover..... | 86 |
| 18.4. | Valdres lokalmedisinske senter | 87 |
| 18.4.1. | Helhetsvurdering | 87 |
| 18.4.2. | Sentrale hendelser og aktiviteter | 87 |
| 18.4.3. | Resultater og avvik..... | 89 |
| 18.4.4. | Økonomi..... | 90 |
| 18.4.5. | Utfordringer og strategier framover..... | 93 |
| 18.5. | NAV Valdres | 95 |
| 18.5.1. | Helhetsvurdering | 95 |
| 18.5.2. | Sentrale hendelser og aktiviteter | 95 |

| | | |
|------------|---|------------|
| 18.5.3. | Resultater og avvik..... | 96 |
| 18.5.4. | Økonomi | 98 |
| 18.5.5. | Utfordringer og strategier framover | 100 |
| 18.6. | Felles kvalifiseringstjeneste..... | 101 |
| 18.6.1. | Helhetsvurdering | 101 |
| 18.6.2. | Sentrale hendelser og aktiviteter | 101 |
| 18.6.3. | Resultat og avvik..... | 101 |
| 18.6.4. | Økonomi..... | 102 |
| 18.6.5. | Utfordringer og strategier framover..... | 103 |
| 18.7. | Valdres brannforebyggende avdeling..... | 104 |
| 18.7.1. | Helhetsvurdering | 104 |
| 18.7.2. | Sentrale hendelser og aktiviteter | 104 |
| 18.7.3. | Resultat og avvik..... | 104 |
| 18.7.4. | Utfordringer og strategier framover..... | 104 |
| 19. | FOLKEHELSEPROFILEN 2018 | 105 |

1. Resultat og utvikling i 2017

1.1. Utvikling i lokalsamfunnet

Øystre Slidre kommune har lagt nok et stabilt år bak seg.

Folketetalet i Øystre Slidre viser nedgang etter mange år med svak vekst, siste året fra 3 248 per 01.01.2016 til 3 221 per 01.01.2018.

Tabell 1-1 Folkemengd 1.1.2017 og endringar i 2017 (kjelde: SSB)

| | Folketal 01.01.2017 | Fødde | Døde | Inn-flytting frå Noreg | Inn-flytting frå utlandet | Ut-flytting i Noreg | Ut-flytting til utlandet | Folke-vekst | Folketal 31.12.2017 |
|---------------|------------------------|-------|------|------------------------------|---------------------------------|------------------------|--------------------------------|-------------|------------------------|
| Øystre Slidre | 3 248 | 26 | 31 | 143 | 37 | 164 | 35 | - | 3 221 |
| Sør-Aurdal | 3 026 | 20 | 38 | 136 | 17 | 130 | 6 | -12 | 3 014 |
| Etnedal | 1 351 | 7 | 13 | 61 | 12 | 54 | 2 | 1 | 1 352 |
| Nord-Aurdal | 6 490 | 59 | 85 | 316 | 43 | 336 | 18 | -47 | 6 443 |
| Vestre Slidre | 2 114 | 13 | 19 | 121 | 24 | 90 | 4 | 25 | 2 139 |
| Vang | 1 596 | 13 | 3 | 177 | 96 | 177 | 7 | 5 | 1 601 |

Tabell 1-2 Bustadutviklinga

| | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---------------------------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|
| Einebustadar | 1 351 | 1 361 | 1 368 | 1 372 | 1 373 | 1 378 | 1 383 |
| Tomannsbustadar | 159 | 159 | 159 | 159 | 159 | 159 | 159 |
| Rekkehus, leilegheitsbygg | 44 | 44 | 44 | 49 | 49 | 49 | 49 |
| Igangsette bustader | 8 | 7 | 4 | 1 | 5 | 5 | 5 |

Tabell 1-3 Fritidsbustadutvikling. Fritidsbustader med fleire bueiningar (leilegheitsbygg m.m.) blir rekna som ei eining

| | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---------------------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|
| Tal fritidsbustadar | 3 305 | 3 349 | 3 369 | 3 406 | 3 440 | 3 496 | 3 555 |
| Igangsett | 35 | 49 | 40 | 37 | 34 | 56 | 59 |

Reiselivsutvikling på Beitostølen

Reiselivet i kommunen har dei siste åra hatt ei god utvikling i omsetning. 2017 vart eit særskilt godt år for reiselivet i kommunen, med god vinter- og sumarsesong.

Det har vore gjennomført fleire store arrangement på Beitostølen i 2017, som har gitt stor trafikk. Beitospalten og Trollrock – i tillegg til mange andre arrangement og festivalar – har bidrige til vesentleg verdiskaping i kommunen.

Samarbeid mellom grunneigarar, utbyggingsinteresser, næringsdrivande og det offentlege med kommunen i førarsetet, er godt. Som tidlegare år kan ein gje spesiell takk til Oppland Fylkeskommune for tilskott til tettstadsutvikling og sentrumsprosjektet på Beitostølen.

Primærnæringa i Øystre Slidre

Landbruket er framleis ei viktig næring i kommunen, og mange i næringa ser positivt på framtida, mykje takka vere gode prosessar basert på til dømes bygdeutviklingsmidlane i dei seinare årene.

Det blir elles vist til omtala frå Næring og byggesak seinare i årsmeldinga.

Arbeidsstyrken i Øystre Slidre

1772 (mot 1 794 førre året) innbyggjarar i Øystre Slidre er i løna yrkesaktivt arbeid, og det var 24 (19) arbeidsledige i Øystre Slidre kommune per 31.12.17.

Sysselsetting og yrkesliv i Øystre Slidre kommune

Det er 1 350 arbeidsplasser i Øystre Slidre, medan det er 1 772 som er i arbeid av innbyggjarane (netto pendling er differansen).

Næringslivet i kommunen er stabilt over tid. Det er positiv utvikling innan varehandel og overnatting/servering. Nedgang i bygg/anlegg er ikkje i tråd med etterspurnaden etter tilsette og aktiviteten i området.

Klima

Klimaendringar er ein av dei viktigaste utfordringane verda står overfor.

Kommunen sin energi- og klimaplan (2009-2013) har som visjon at:

Øystre Slidre kommune skal skape energi- og klimafokus for all verksemd og samfunnsutvikling.

Det har i perioden vorte etablert terminalar knytt til bioenergi i kommunen. Dette gjeld etableringar av fyringsterminalar basert på flisfyring på Beitostølen, og til Lidar skule og Rogne skule.

Nye kommunale bygg i perioden er bygd med vassboren varme som er basert på energikjelder frå flis eller jordvarme.

Folkehelse

Folkehelse har vore eit satsingsområde i Øystre Slidre i mange år. I samband med krava i ny folkehelselov har kommunen søkt å integrere «folkehelse i alt vi gjør».

Folkehelsearbeidet er samfunnet sin samla innsats for å påverke faktorar som innverkar på folkehelsa.

Folkehelseinstituttet utarbeider årlege folkehelseprofilar for kommunane, som viser eit uttrekk av folkehelsetrendar, og samanliknar desse med resten av landet.

Verksemdsanalyse

Øystre Slidre kommune er på 40. plass i Kommunal Rapport si årlege kåring av landets beste kommunar i "Kommunebarometeret 2017".

Kommunen har over lengre tid plassert seg godt i Kommunebarometeret. Best plassering hadde vi i 2011, då vi kom på 5. plass

1.2. Økonomisk resultat i Øystre Slidre kommune

Øystre Slidre kommune har i dei seinare år hatt relative gode økonomiske resultat. For 2017 er det eit netto driftsresultat på 4,21 mill. kr.

Kommunen sitt driftsresultat for 2017 er vurdert som godt sett i forhold til budsjett, men svakt når ein korrigerer for overskott innan sjølvkostområdet vatn og avløp på om lag 4,5 mill. kr i 2017.

1.3. Utsikter for 2018

Økonomiplanen for 2018-2021 viser som tidlegare planperiodar ein plan med mykje vilje til samfunns- og tenesteutvikling.

Kor robust framlagt økonomiplan for 2018-2021 er, avhenger av korleis inntektssystemet virke inn på Øystre Slidre kommune sin økonomi.

Innføring av eigedomsskatt også på bustad- og fritidsbustader frå 2018, vil gje kommunen eit heilt anna handlingsrom til nye tiltak og verdiskaping.

Øystre Slidre kommune er ein utkantkommune i fjellet med stabilitet i folketalet, vekst i sysselsetning og vekst i kommunale oppgåver. Dette er ikkje vanleg, denne kommunen er eit «særtilfelle».

Øystre Slidre kommune er ein robust vekstcommune, som vil kunne levere gode tenester over år. I høve til statlege rammevilkår er det etter rådmannen sitt syn svært viktig å vere offensiv, bruke mulighetene til å påverke før avgjerder blir tekne, og så raskt som mogleg tilpasse organiseringa opp mot finansieringa.

Som tidlegare år vil rådmannen framheve si meinings om at det er viktig for offentleg sektor nå å arbeide med omlegging av pensjonssystema for tilsette. Det er ei ikkje ynskt utvikling når kommunar arbeider med å legge lovpålagte tenester ut på anbod for å få teneste utført av tilsette som ikkje har krav på yttingsbaserte pensjonsordningar.

1.4. Særlege mål og prioriteringar i 2017

1.4.1. Hovudmål for Øystre Slidre kommune

Kommunestyret gjorde i sak 62/12 vedtak om kommunal planstrategi 2012-2016.

Det var fasett følgjande mål for Øystre Slidre kommune:

1. Øystre Slidre kommune skal vera landets beste bu- og besøkskommune, og vera blant dei beste 10 % av kommunane i landet i kommunebarometeret på kommunale tenester.
2. Øystre Slidre kommune skal vere den beste Opplandskommunen på næringsutvikling og nyskaping målt i nye bedrifter pr. innbyggjarar.
3. Øystre Slidre kommune skal vere ein pådrivar i regionalt samarbeid, til beste for innbyggjarane og for gjester i kommunen.
4. Beitostølen som sentrum skal stå fram som eit attraktivt reisemål, og ein god handels- og møteplass.
5. Øystre Slidre kommune skal heile tida vere ei av Noregs viktigaste kunnskapsbygder, både på kommunalt og privat nivå.

Desse hovudmåla er konkretisert i delmål, delt inn i følgjande kategoriar:

- **Vekst i kvalitet**
 - Øystre Slidre kommune skal syte for berekraftig forvaltning av kommunen sine naturressursar og ivareta det biologiske mangfaldet. (Planavdelinga)
 - Øystre Slidre kommune skal bevare og vidareutvikle sine natur-, kultur- og miljøkvalitetar. (Planavdelinga og Kulturavdelinga)
 - Øystre Slidre kommune skal, ved effektiv ressursbruk, tilby tenester som i kvalitet og innhald tilfredstiller innbyggjarane og gjestene sine grunnleggjande behov. (Gjennomgåande)
- **Alle skal med**
 - Øystre Slidre kommune skal ha eit oppvekstmiljø som gjev trygge og glade, sjølvstendige og skapande born og unge. (Opplæring og kultur og Helseavdelinga)
 - Øystre Slidre kommune skal vera ei god bu -og arbeidskommune, med variert tilbod både i arbeids- og fritidssituasjon. (Plan, Opplæring og kultur -Helseavdelinga)
 - Øystre Slidre kommune skal stimulere frivilligkeit, spesielt overfor eldre, både heimeverande og i institusjon. (Helseavdelinga, IHT og Kultur)
- **Offensiv organisasjon**
 - Øystre Slidre kommune skal vera ein organisasjon som er brukar -og serviceorientert. (Gjennomgåande)
 - Øystre Slidre kommune skal vera ein organisasjon som er pådrivar i samfunnsutviklinga. (Planavdelinga)
 - Øystre Slidre kommune skal vera ein attraktiv arbeidsgjevar. Kommunen skal ta vare på sine tilsette, og sikre ei god rekruttering i framtida, (Stab/adm. leiing)
 - Øystre Slidre kommune skal drive aktiv informasjon. (Stab)
- **Nærings- og samfunnsutvikling**
 - Øystre Slidre kommune skal vidareutvikle sin gode kultur og nærings- og samfunnsutviklingsarbeid. Arbeidet skal bidra til eit robust, kunnskapsbasert og framtidsretta næringsliv. (Plan og Bygg/Næring)

- Kommunen skal vera ein pådrivar og motivator for innovasjon og nyskaping gjennom god forløpende dialog med næringslivet og lokalsamfunnet. (Bygg og næring)
- Kommunen skal arbeide for ein kultur som oppdagar moglegheitene og våger å gripe dei. For å kunne vera blant dei mest attraktive kommunane i Oppland for nyetablering og bevaring av eksisterande næringsliv skal dette vektleggast stort i det daglege arbeidet og i samfunnsplanlegginga. (Plan og Bygg/Næring)
- **Oppvekst og læring**
 - Øystre Slidre kommune skal vera over snittet i landet på alle felt knytt til oppvekst og læring.
 - Kommunen skal gje borna våre ein trygg oppvekst med like mogleheter for utvikling.
 - Evna til nyskaping og kunnkap for å kunne ta eigne og gode val for framtida skal stimulerast.
 - I Øystre Slidre skal det vera garantert barnehageplass etter fylte eitt år og ei god skule for alle. (Opplæring og kultur)
- **Folkehelse, omsorg og sosiale tenester**
 - Øystre Slidre skal vera over snittet i landet på alle felt knytt til folkehelse, omsorg og sosiale tenester.
 - Øystre Slidre kommune skal gjennom strategisk arbeid på tvers av sektorar vera betre enn snittet i landet på alle punkt i folkehelse, slik intensjonane er i Folkehelselova (Helseavdelinga)
 - Kommunen skal gjennom eigne tenester og regionalt samarbeid syte for at våre innbyggjarar får moglegheit til sunn livsstil, med tryggleik for at ein frå den hjelpa ein treng når det trengs. (Planavdelinga)
- **Samferdsel**
 - Øystre Slidre kommune skal arbeide for raskast mogleg utbetring av E16 iht utkastet i NTP og dei innspel som vert gitt på regionalt og fylkeskommunalt nivå i denne.
 - Kommunen skal gjennom regionalt samarbeid arbeide for ei vidareutvikling av Fagernes Lufthamn, Leirin, som rute og charterflyplass, då kommunen ser dette som sers viktig for å støtte opp om reiseliv, varehandel og privat tenesteyting i Valdres.
 - Øystre Slidre kommune skal utvikle eigen trafikksikringsstrategi med prioritet på FV 51, og arbeide med sykkel og gangveg langs denne vegen gjennom heile kommunen, samt arbeide for ei opprusting av sidevegande.
 - Kommunen vil og langs vegaksa etter FV 51 arbeide for betre og meir heilskapleg skilting til bedrifter, naturområde, attraksjonar. (Planavdelinga)
- **Bustad- og besøksattraktivitet – sentrumsutvikling**
 - Øystre Slidre skal vera blant dei mest attraktive bu- og besøkskommunane i Oppland.
 - Kommunen skal gjennom Samfunnsplanen tilretteleggje for arbeidsplassar, nyskaping samt lokal grendeutvikling og nærmiljøtiltak og trivselstiltak.
 - Regional sentrumsutbygging: Beitostølen skal byggast ut vidare og vera ein av tre framtidige sentrum i regionen saman med Bagn og regionsenteret Fagernes/Leira. (Planavdelinga)
- **Kommunaltekniske tenester**
 - Øystre Slidre skal gjennom Arealdelen til kommuneplanen sikre at fastsette miljømål og sentrale føringar til god planlegging vert fulgt.
 - Kommunen vil arbeide for at flest mogleg skal kunne koplast til offentleg vass- og avlaupsanlegg nede i bygdene ved ei jamn utbygging av desse tenestene.
 - Kommunen vil og arbeide for at dei delande av fjellområda med utbygging skal ha ein infrastruktur som gagnar miljøet og reduserer fare for forureining.

- Kommunen ska vera i forkant med planlegging og opparbeiding av gode bustad- og næringsområde der det er behov for dette. (Planavdelinga)
- **Idrett og kultur**
 - Øystre Slidre kommune skal arbeide for ei vidareutvikling og styrking av det gode kultur- og idrettsarbeidet i kommunen.
 - Øystre Slidre kommune ynskjer å ver den beste idrettskommunen i Oppland, og arbeide for eit breitt tilbod innan friluftsliv, kultur og idrett i kommunen.
 - Kommunen skal støtte opp om gode kultur- og idrettsarrangement, og som eit verktøy i næringsutvikling. Gjennom Samfunnssdelen skal kommunen konkretisere mål og handlingar for nytenking og vidareutvikling av dette viktige arbeidet. (Planavdeling og Kultur).

1.4.2. Politiske mål og prioriteringar for 2017

Kommunestyret har i sak 49/16 lagt til grunn slik prioritering i økonomiplanarbeidet (økonomiplanperioden 2017-20):

1. Omsorgstun
2. Næringsutvikling
3. Interkommunalt samarbeid
4. Sentrumsutvikling
5. Barnevern
6. Mental helse – førebyggande helse
7. Ferdigstille ØSUS
8. Ungdomshus
9. Fastlege
10. VA
11. Bustad
12. Marknadsføring
13. Ferdigstille uteområdet på Rogne skule
14. Utgreie konsekvensar av skuledagen; pedagogiske, praktiske og økonomiske

2. Årsmelding jf. Kommunelova § 48 og § 10 i regnskapsforskriften

Alle kommunar skal utabeide årsmelding, jamfør kommunelova § 48 nr 5 og §10 i rekneskapsforskrifta. I dette kapitlet blir det framstilt nøkkeltal og kommentert budsjettavvik og vesentlege forhold i driftsrekneskapen, investeringsrekneskapen og balansen.

2.1. Økonomiske nøkkeltal

Årsrekneskapen for Øystre Slidre kommune for 2017 viser eit netto driftsresultat på 4,1 mill. kr, som utgjer 1,4 % av driftsinntektene, og eit disposisjonsfond på 65,8 mill. Dette er godt innanfor resultatmål fastsatt i handlingsregelen.

2.2. Driftsrekneskapen

Tabell 2-1 Nøkkeltal driftsrekneskapen (beløp i mill. kr)

| | Regnskap | Budsjett | Regnskap |
|--------------------------------------|---------------|---------------|---------------|
| | 2017 | 2017 | 2016 |
| Brutto driftsinntekter | 298 949 | 287 353 | 290 345 |
| Brutto driftsutgifter | 305 242 | 285 778 | 290 080 |
| Brutto driftsresultat | -6 293 | 1 575 | 265 |
| Netto finans | -6 703 | -9 635 | -6 624 |
| Motpost avskrivningar | 17 138 | - | 16 462 |
| Netto driftsresultat | 4 142 | -8 060 | 10 103 |
| Netto bruk av fond | 7 774 | 8 060 | 328 |
| Regnskapsmessig mindreforbruk | 11 916 | - | 10 431 |

2.2.1. Handlingsregel om god økonomistyring

I kommunestyresak 53/13 vart det gjort vedtak om kommunen sin handlingsregel om god økonomistyring.

Det vart fastsett resultatmål for følgjande nøkkelta:

- Netto driftsresultat 3,0 %
- Dispositionsfond 17,5 %
- Lånegjeld 40,0 % (under føresetnad av 100 % inndekning innan sjølvkostområde VA)

Grunnlaget for berekning er andel av brutto driftsinntekter i sist avgjorte rekneskapsår eks. inntekter frå sjølvkostområda.

Basis (driftsinntekter) for utrekning av resultatmål for 2017 er årsrekneskapen for 2016.

Tabell 2-2 Handlingsregelen

| | Regnskap | Regnskap | Regnskap |
|--------------------------------|----------|----------|----------|
| | 2017 | 2016 | 2015 |
| Netto driftsresultat mål 3 % | 1,4 % | 3,6 % | 3,0 % |
| Lånegrad mål 40 % (eks VA-lån) | 40 % | 25,0 % | 31,5 % |
| Dispositionsfond mål 17,5 % | 21,9 % | 27,0 % | 29,2 % |

Tabell 2-3 Grunnlag for nøkkeltal for lånegjeld og disp.fond (rekneskap 2016) i heile tusen

| | Beløp |
|---|----------------|
| Brutto driftsinntekt | 290 345 |
| Inntekt frå VA | -18 482 |
| Inntekt frå renovasjon | -8 519 |
| Korrigert inntekt | 263 344 |
| Lånegjeld per 31.12.17 | 249 144 |
| Lånegjeld eks. VA og rentekomp.lån 31.12.17 | 115 500 |
| Dispositionsfond per 31.12.17 | 65 756 |

2.2.2. Driftsinntekter

Rekneskapen for 2017 viser samla brutto driftsinntekter på 298,9 mill. kr. Dette er ei auke på 8,6 mill. (3,0 %) frå 2016.

- Rammetilskott og skatteinntekter utgjer 188,4 mill. kr av inntektene (63 %), ei auke frå 2016 med 6,2 mill. kr. Dette er 0,9 mill. kr over budsjett.
- Driftsinntekter frå kraftsektoren utgjorde 19,5 mill. (auke på 1,0 mill. kr mot 2016). Desse inntektene utgjer 6,5 % av brutto driftsinntekter.
- Andre inntekter utgjorde 91 mill. kr og 30,5% av inntektene i 2017.

2.2.3. Driftsutgifter

Brutto driftsutgifter for 2017 utgjorde 305,2 mill. kr, ei auke med 15,2 mill. eller på 5,0 % frå 2016.

- Brutto løns- og personalutgifter på 176,9 mill. kr utgjorde 58,0 % av driftsutgiftene
- Kjøp frå andre kommunar utgjorde 26,6 mill. kr i 2017 som er 8,7 % av brutto driftsutgifter
- Kjøp av tenester/overføringer til IKS i 2017 var på 15,7 mill. kr som utgjorde 5,1 % av brutto driftsutgifter
 - Av dette utgjorde innkravde gebyr som er overført til VKR 7,7 mill. kr.
- Andre utgifter (83 mill. kr) utgjorde 28,2 % av brutto driftsutgifter

2.3. Budsjettavvik


Nedanfor blir budsjettavvika for 2017 omtala. Dei vesentlege avvika er omtala. Det blir elles vist til kommentar i kapitla frå dei enkelte verksemndene seinare i årsmeldinga.

Rekneskapen for 2017 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på 11 916 123 kr og eit netto driftsresultat på 4 142 585 kr.

Tabell 2-4 Bakgrunn for rekneskapsmessig mindreforbruk i mill. kr

| | Mindreutgift | Meirinntekt | Netto |
|---------------------------------------|---------------------|--------------------|--------------|
| Lønsområdet | 2,5 | | 2,5 |
| Kraftforvaltning | | 1,8 | 1,8 |
| Finansforvaltning | 3,0 | | 3,0 |
| Skatt og rammetilskott | | 0,9 | 0,9 |
| Byggesaksgebyr | | 1,4 | 1,4 |
| Nettoeffekt av andre forhold i drifta | 3,2 | | 3,2 |
| Sum | 5,9 | 8,5 | 11,9 |

Figur 2-1 Netto utgifter per verksemd samanlikna med budsjett 2017



2.4. Kommentarar til budsjettavvik per verksemd

Driftsresultatet for 2017 er prega av god styring sett opp mot budsjetttramme for 2017. Kommentarane under er relatert til budsjettavvik i 2017. Tabellane viser tal i heile tusen kroner.

2.4.1. Politisk leiing

For 2017 vart det ei mindreutgift på 59 000 kr på dette området, som i hovudsak kan forklaraast med mindre bruk av reserverte løyvingar i formannskapet enn føresett i budsjettet. Utgifter til sakkunnig takstnemnd vart 143 000 kr i 2017. Budsjettet til utgifter til sakkunnig takstnemnd, eigedomsskatt og taksering er oppført under administrativ leiing.

Tabell 2-5 Politisk leiing og kontrollorgan

| 100 POLITISK LEIING OG KONTROLLORGAN | Regnskap | Buds(end) | Avvik | Regnskap |
|--|--------------|--------------|------------|--------------|
| | 2017 | 2017 | | 2016 |
| KOMMUNESTYRE/FORMANNSKAP | 1 998 | 2 183 | -185 | 1 983 |
| NEMNDER INKL. ADM.UTVALET | - | - | - | 1 |
| VALAVVIKLING | 67 | 42 | 25 | -76 |
| STØTTE TIL POLITISKE PARTI | 47 | 47 | - | 47 |
| ELDRERÅDET | 23 | 46 | -23 | 37 |
| KULTURAKTIVITETAR | - | 20 | -20 | 35 |
| SAKKYNDIG TAKSTNEMND | 143 | - | 143 | 8 |
| Sum ansvar: 100 POLITISK LEIING | 2 279 | 2 338 | -59 | 2 034 |

2.4.2. Administrativ leiing og administrasjon

Rekneskapen for 2017 viser samla mindreutgifter for administrativ leiing og administrasjon i kommunen på 4,2 mill. kr:

- Rådmannskontoret:** mindreutgifter på 2,1 mill. kr i hovudsak relatert til mindre utgifter til konsulenttenester i samband med taksering av eideomar og utskrivning av eideomsskatt i kommune. Det er også mindre andre utgifter til revisjon i forhold til budsjett.
- Beredskap:** mindreutgift på 99 000 kr
- Stab:** mindreutgifter på 1 796 000 kr på grunn av mindre lønsutgifter og meir inntekter i samband av sal av regnskapstenester m.m.
- Planavdelinga:** mindre lønsutgifter

Tabell 2-6 Administrativ leiing og administrasjon

| | Regnskap | Buds(end) | Avvik | Regnskap |
|--|---------------|---------------|---------------|---------------|
| | 2017 | 2017 | | 2016 |
| RÅDMANNSKONTORET | 2 039 | 2 318 | -279 | 1 913 |
| DIVERSE FELLESTENESTER | 990 | 953 | -52 | 639 |
| EIGEDOMSSKATT - ADM | 1 848 | 3 500 | -1 652 | 47 |
| KONTROLL / REVISJON | 286 | 500 | -214 | 678 |
| RÅDMANN | 5 164 | 7 271 | -2 107 | 3 277 |
| BEREDSKAP | 314 | 413 | -99 | 306 |
| SENTRALBORD, POST/ARKIV, FELLESTENESTER | 2 540 | 3 305 | -765 | 2 924 |
| REGNSKAPSNAVDELING | 1 400 | 2 051 | -651 | 1 747 |
| LØNNS- OG PERSONALAVDELING | 2 045 | 2 343 | -298 | 2 158 |
| BEVILLINGSSAKER OG RETTSPLEIE | -44 | 38 | -82 | 44 |
| STAB | 5 941 | 7 737 | -1 796 | 6 873 |
| PLANNAVDELING | 3 677 | 3 948 | -271 | 3 852 |
| Sum leiing, adm og fellestene eks. tenesteområder | 14 980 | 19 151 | -4 171 | 14 096 |

2.4.3. Opplæring og kultur – felles

Mindreutgifter på 933 000 kr kan mellom anna skuldast at føring av ekstra innkjøp av IKT-utstyr til Lidar skule er rekneskapsført på administrativ leiing, men budsjettet på grunnskule felles. Vidare er det ei mindre overføring til PP-tenesta i Valdres enn føresett i budsjettet, og ei netto mindreutgift innan læringsverksemada.

Tabell 2-7 Opplæring og kultur - felles

| | Rekneskap | Buds(end) | Avvik | Rekneskap |
|---|--------------|--------------|-------------|-------------|
| | 2017 | 2017 | | 2016 |
| KOMMUNELEIAR OPPLÆRING OG KULTUR | 2 477 | 2 794 | -317 | 2 423 |
| LÆRLINGEVERKSEMDA | 386 | 758 | -372 | 663 |
| GRUNNSKULEN FELLES | 1 073 | 1 655 | -582 | 989 |
| BHSS - SKULEAVD. | -334 | -214 | -120 | -254 |
| BARNEHAGAR FELLES | 3 308 | 2 849 | 459 | 3 401 |
| Sum Opplæring og kultur - felles | 6 909 | 7 842 | -933 | 7222 |

2.4.4. Grunnskulen

Samla viser rekneskapen for skulane eit mindreforbruk på 2 361 000 kr som i hovudsak kan skuldast mindre løns- og pensjonsutgifter og mindre skyssutgifter enn budsjettet.

Tabell 2-8 Grunnskulen

| | Regnskap | Buds(end) | Avvik | Regnskap |
|------------------------|-----------------|------------------|---------------|-----------------|
| | 2017 | 2017 | | 2016 |
| Ø SLIDRE UNGDOMSSKULE | 13 610 | 14 948 | -1 338 | 12 673 |
| ROGNE SKULE | 11 367 | 11 518 | -151 | 11 294 |
| LIDAR SKULE | 12 771 | 13 643 | -872 | 12 619 |
| Sum grunnskulen | 37 748 | 40 109 | -2 361 | 36 586 |

2.4.5. Barnehagar

Samla hadde barnehagane eit netto meirforbruk på 452 000 kr. Beito barnehage hadde netto mindreforbruk på grunn av mindre lønsutgifter.

Drifta i Rogne og Tingvang barnehagar derimot, viser netto meirutgifter på høvesvis 289 000 kr og 408 000 kr, mellom anna på grunn av høgare bemanning og høgare barnetal enn føresett i budsjettet.

Tabell 2-9 Barnehagar

| | Regnskap | Buds(end) | Avvik | Regnskap |
|-----------------------|-----------------|------------------|--------------|-----------------|
| | 2017 | 2017 | | 2016 |
| TINGVANG BARNEHAGE | 4 112 | 3 704 | 408 | 4 109 |
| ROGNE BARNEHAGE | 5 845 | 5 556 | 289 | 5 381 |
| BEITO BARNEHAGE | 3 955 | 4 200 | -245 | 4 133 |
| Sum barnehagar | 13 912 | 13 460 | 452 | 13 623 |

2.4.6. Kultur

Samla innan avdelinga vart det 214 000 i mindreutgifter.

Meirutgiftene på 219 000 kr i kulturskulen er i hovudsak knytt til kjøp av tenester frå andre kommunar.

Innan kulturadministrasjonen var det for 2017 netto mindreutgifter på 400 000 kr grunna mindre utgifter til vedlikehald på Furustrand og mindre overføring til anlegg innan kultur/idrett enn føresett i budsjettet.

Tabell 2-10 Kultur

| | Regnskap | Buds(end) | Avvik | Regnskap |
|----------------------|-----------------|------------------|--------------|-----------------|
| | 2017 | 2017 | | 2016 |
| KULTURSKULEN | 1 965 | 1 746 | 219 | 1 860 |
| KULTUR | 5 626 | 6 026 | -400 | 6 033 |
| FRIVILLGHETSENTRALEN | 584 | 609 | -25 | 287 |
| BIBLIOTEK | 1 262 | 1 270 | -8 | 1 165 |
| TOTALT | 9 437 | 9 651 | -214 | 9 346 |

2.4.7. Flyktningtenester

Det vart busett 9 personar i 2017. Alle har fått bustad og nokon bur i bufellesskap. Frå 2017 kjøper kommunen introduksjonsprogrammet av Valdres KompetanseVekst A/S.

Utgifter til introduksjonsopplegget vart 440 000 kr rimelegare enn budsjettet.

Tabell 2-11 Flyktningtenesta

| | Regnskap | Buds(end) | Avvik | Regnskap |
|-----------------------------------|----------------|----------------|-------------|----------------|
| | 2017 | 2017 | kr | 2016 |
| SKULESKYSS | 73 | - | 73 | - |
| GENERELLE TENESTER | 647 | 556 | 91 | 28 |
| INTEGRERING | 987 | 1 158 | -171 | 845 |
| INTRO - OPPLÆRING / KVALIFISERING | 4 900 | 5 340 | -440 | 5 372 |
| FLYKTNINGEBUSTADER - utstyr | 281 | 350 | -69 | 521 |
| TENESTER I SKULA | 323 | 320 | 3 | - |
| TENESTER I BARNEHAGEN | 320 | 320 | - | - |
| Sum utgifter | 7 531 | 8 044 | -513 | 6 766 |
| INTEGRERINGSTILSKOTT - IMDI | -10 461 | -10 545 | 84 | -10 736 |
| Sum inntekter | -10 461 | -10 545 | 84 | -10 736 |
| Sum 280 FLYKTNINGETENESTER | -2 931 | -2 501 | -430 | -3 968 |

2.4.8. Helsetenesta

Innan helseavdelinga vart det eit netto mindreforbruk på 169 000 kr.

Det er mindre avvik på avdelingane, og drifta var godt tilpass budsjettet for 2017.

Tabell 2-12 Helsetenesta

| | Regnskap | Buds(end) | Avvik | Regnskap |
|----------------------------|---------------|---------------|-------------|---------------|
| | 2017 | 2017 | | 2016 |
| HELSEAVDELING - ADM | 698 | 722 | -24 | 669 |
| KOMMUNELEGE | 6 748 | 6 564 | 184 | 6 766 |
| FYSIOTERAPI | 1 151 | 1 113 | 38 | 1 117 |
| HELESTASJON | 1 669 | 1 879 | -210 | 1 591 |
| FRISKLIVSSENTRALEN | 349 | 392 | -43 | 364 |
| FOLKEHELSE | 229 | 250 | -21 | 261 |
| PSYKISK HELSETENESTE | 2 273 | 2 235 | 38 | 2 072 |
| ARBEID AKTIVITET | 2 793 | 2 923 | -130 | 2 287 |
| Sum 31 HELSETENESTA | 15 909 | 16 078 | -169 | 15 118 |

2.4.9. Sosiale tenester

Nav

På Nav-området viser rekneskapen eit netto mindreforbruk på 496 000 kr som i hovudsak har bakgrunn i mindre utgifter innan kvalifiseringsprogrammet enn føresett i budsjettet.

Barnevern

Meirutgifter på 957 000 kr er 642 000 kr til barneverntenesta og 315 000 kr til særskilde tiltak i 2017.

Tabell 2-13 Sosiale tenester

| | Regnskap | Buds(end) | Avvik | Regnskap |
|--------------------------------|---------------|---------------|------------|--------------|
| | 2017 | 2017 | | 2016 |
| NAV | 5 907 | 6 403 | -496 | 5 501 |
| BARNEVERN | 5 586 | 4 629 | 957 | 4 475 |
| Sum 33 SOSIALE TENESTER | 11 493 | 11 032 | 461 | 9 976 |

2.4.10. Institusjon og heimebaserte tenester - IHT

Samla for IHT vart det meirforbruk på 1,5 mill. kr innan IHT, grunna høg beleggsprosent gjennom året, med meirutgifter til drift og kjøp av plassar i nabokommune.

Tabell 2-14 IHT

| IHT | Regnskap | Buds(end) | Avvik | Regnskap |
|----------------|---------------|---------------|--------------|---------------|
| | 2017 | 2017 | kr | 2016 |
| FELLES IHT | 1 871 | 2 040 | -169 | 1 899 |
| SJUKEHEIMEN | 24 666 | 24 040 | 626 | 23 571 |
| HEIMETENESTA | 17 908 | 16 861 | 1 047 | 15 259 |
| Sum IHT | 44 445 | 42 941 | 1 504 | 40 729 |

2.4.11. Miljøtenesta

Miljøtenesta gikk ut med eit netto mindreforbruk på 1,5 mill. kr i 2017 grunna endringar i tenesteomfanget.

Tabell 2-15 Miljøtenesta

| | Regnskap | Buds(end) | Avvik | Regnskap |
|--------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| | 2017 | 2017 | kr | 2016 |
| MILJØTENESTA | 12 474 | 14 010 | -1 536 | 12 534 |
| Sum | 12 474 | 14 010 | -1 536 | 12 534 |

2.4.12. Tekniske tenester

Drifta gjekk samla ut med meirutgifter på 615 000 kr i 2017:

- Tekniske - adm:** mindre utgifter på 492 000 kr skuldast i hovudsak annan fordeling av lønsmiddel innan tenesteområdet i forhold til budsjettføresetnadane
- Kommunale bygg vedlikehald og reinhald** viser meirutgift på 472 000 kr som hovudsak er grunna i større utgifter til straum og lisensar enn føresett i budsjettet.
- Eigedom og veg** viser netto meirutgift på 411 000 kr grunna mindre husleigeinntekter på 928 000 kr medan det vart 447 000 kr i mindre utgifter til leige av bustader i 2017 i forhold til budsjett. Det var mindre avvik på dei andre postane innan avdelinga.
- Vatn og avløp** gikk ut med mindreutgifter på høvesvis 113 000 og 599 000 kr. Dette kan skuldast auke i kapitalkostnader i forhold til budsjett som resulterer i auke i netto resultat i drift for 2017.
- Brann- og feiarvesen:** meirutgift på 444 000 kr er med bakgrunn i meir lønsutgifter på og meirutgifter til vedlikehald av brannbilar etc. enn føresett i budsjettet.

Tabell 2-16 Tekniske tenester

| | Regnskap | Buds(end) | Avvik | Regnskap |
|----------------------------|---------------|---------------|------------|---------------|
| | 2017 | 2017 | kr | 2016 |
| TEKNISKE TENESTER FELLES | 896 | 1 388 | -492 | 833 |
| KOMMUNALE BYGG OG REINHALD | 20 169 | 19 697 | 472 | 13 279 |
| EIGEDOM OG VEG | 989 | 578 | 411 | 4 721 |
| VATN | -2 078 | -1 965 | -113 | -1 299 |
| AVLØP | -3 321 | -2 722 | -599 | -2 721 |
| BRANN OG FEIERVESEN | 4 051 | 3 607 | 444 | 3 614 |
| Sum | 19 810 | 19 195 | 615 | 17 594 |

2.4.13. Næring og byggesak

Samla gjekk området med 1,9 mill. kr i netto mindreutgift i 2017, som i hovudsak kan skuldast meirinntekter innan oppmålings- og byggesaksgebyr på 1,2 mill. kr.

Tabell 2-17 Næring og byggesak

| | Regnskap | Buds(end) | Avvik | Regnskap |
|---------------------------|--------------|--------------|---------------|--------------|
| | 2017 | 2017 | kr | 2016 |
| NÆRING OG BYGGESAK FELLES | 930 | 1 390 | -460 | 1 342 |
| BYGGESAK | -1 474 | -608 | -866 | -2 068 |
| NÆRING | 5 151 | 5 720 | -569 | 5 604 |
| Sum | 4 607 | 6 502 | -1 895 | 4 878 |

Tabell 2-18 Gebyrinntekter bygg

| | Regnskap | Buds(end) | Avvik | Regnskap |
|-------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| | 2017 | 2017 | kr | 2016 |
| KART OG OPPMÅLING | -1 501 | -1 500 | -1 | -2 033 |
| BYGGESAK | -3 013 | -1 900 | -1 113 | -2 738 |
| BEHANDLINGSGBEYR | -197 | -100 | -97 | -103 |
| Sum | -4 711 | -3 500 | -1 211 | -4 874 |

Innan næring vart det gitt ut 4 727 000 kr i tilskott til diverse tiltak: stig- og løypeplan, til løypelag, til Valdres Natur- og Kulturpark, Destinasjon Valdres m.m. Årsregnskapet viser eit netto meirforbruk på 649 000 kr i forhold til budsjettet for 2017. Det er avsett 1 mill. kr til turveg i samsvar med politisk vedtak i 2017.

Tabell 2-19 Næringsutvikling

| | Regnskap | Buds(end) | Avvik | Regnskap |
|--|--------------|--------------|------------|--------------|
| | 2017 | 2017 | | 2016 |
| KOMMUNALE NÆRINGSTILTAK | 182 | 52 | 130 | 106 |
| Tilskott Destinasjon Valdres | 720 | 720 | - | 720 |
| VALDRES NATUR- OG KULTURPARK | 820 | 815 | 5 | 810 |
| ANDRE NÆRINGSTILTAK | 209 | 300 | -91 | 437 |
| TURISTVEG | 1 000 | - | 1 000 | 1 000 |
| STIG OG LØYPEPLAN | 758 | 1 206 | -448 | 224 |
| Tilskott til løypelag | 336 | 250 | 86 | 250 |
| Løypeleige frå grunneigarar | 274 | 350 | -76 | 284 |
| Beitostølen Stadion - leige - tilskott | 428 | 385 | 43 | 364 |
| Sum NÆRINGSTILTAK | 4 727 | 4 078 | 649 | 4 196 |

2.5. Investeringsrekneskapen

Investeringsrekneskapen for 2017 er gjort opp med brutto investeringsutgifter på 53,7 mill. kr. Av dette er 46,3 mill. kr finansert med lånemiddel.

Største enkelprosjekt i 2017 var renovering og innføring av ventilasjonsanlegg på Øystre Slidre ungdomsskule – ØSUS, utbygging av ny hovudleidning VA på strekninga Lidar – Sælid og utbygging av nye omsorgsbustader i Moavegen 1.

Tabell 2-20 Investeringar i 2017

| | | Regnskap | Buds(end) | Avvik |
|-----|------------------------------------|-------------------|--------------------|--------------------|
| | | 2017 | 2017 | |
| 129 | Andeler KLP | 758 892 | 600 000 | 158 892 |
| 131 | Lån avdrag | 296 457 | 1 000 000 | -703 543 |
| 194 | Digitalisering av eigedomsarkiv | - | 1 500 000 | -1 500 000 |
| 238 | ØSUS - rehabilitering | 5 712 925 | 4 000 000 | 1 712 925 |
| 239 | Gamle Rogne skule- riving | - | 1 500 000 | -1 500 000 |
| 240 | Rogne skule - kaldtlager | 126 758 | 250 000 | -123 242 |
| 241 | Rogne skule - uteområde | 39 817 | 250 000 | -210 183 |
| 242 | Rogne skule - gang og sykkelveg | 1 546 898 | 1 000 000 | 546 898 |
| 365 | BUSS - sjukeheimen | 785 796 | 400 000 | 385 796 |
| 392 | Volbu Bru | - | 500 000 | -500 000 |
| 394 | Bustad - Moavegen 1 | 6 525 341 | 10 000 000 | -3 474 659 |
| 404 | Beitost - Lidar gang og sykkelveg | - | 5 000 000 | -5 000 000 |
| 435 | Bustader - Brennebakkin | - | 5 200 000 | -5 200 000 |
| 439 | Sentrumsutvikling Beitostølen | 2 709 432 | 5 000 000 | -2 290 568 |
| 490 | Brannbil | - | 1 200 000 | -1 200 000 |
| 493 | Gang og sykkelveg BHSS sør | 1 198 350 | 1 100 000 | 98 350 |
| 501 | Va Lykkjetjednet Tåbakke | - | 4 000 000 | -4 000 000 |
| 502 | VA Åbakkin | - | 1 000 000 | -1 000 000 |
| 503 | VA Gullbakkvegen | 15 755 | 3 000 000 | -2 984 245 |
| 504 | Ole Inntak | - | 2 000 000 | -2 000 000 |
| 505 | VA ledning Storefoss | 6 360 | 2 000 000 | -1 993 640 |
| 506 | VA Bergojordet - Spar | 237 598 | - | 237 598 |
| 548 | VA Nordtorp - Sælid | 26 005 | - | 26 005 |
| 549 | VA Kjøk Nortorp (Lidar Sælid) | 17 160 441 | - | 17 160 441 |
| 556 | VA Moane - Robøle | - | 6 000 000 | -6 000 000 |
| 558 | VA - Lidar - Kjøk | 7 165 697 | 30 000 000 | -22 834 303 |
| 559 | VA Yddin | - | 3 500 000 | -3 500 000 |
| 561 | Nedrefoss - biotriinn | - | 4 000 000 | -4 000 000 |
| 575 | Kulvert overnatt Arnolds/ skiheis | 118 799 | - | 118 799 |
| 600 | Omsorgstun | 2 222 883 | 10 000 000 | -7 777 117 |
| 603 | Ungdomshus | 3 715 769 | 5 300 000 | -1 584 231 |
| 604 | Ole VV behandlingsanlegg | - | 1 000 000 | -1 000 000 |
| 605 | Dalsvegen | 1 497 856 | 1 500 000 | -2 144 |
| 606 | Kollstad VV | - | 3 000 000 | -3 000 000 |
| 976 | Skatepark (finans m/ tilskott) | 1 859 299 | 20 000 | 1 839 299 |
| | Avsetning til ubundne kaptitalfond | 1 285 591 | 1 000 000 | 285 591 |
| | Brutto investeringar | 55 012 719 | 115 820 000 | -60 807 281 |

Tabell 2-21 Finansiering av investeringar 2017




| | Regnskap 2017 | Buds(end) 2017 | Avvik |
|------------------------------------|--------------------------|---------------------------|-------------------|
| | | | |
| 3660 Sal av driftsmiddel | -129 000 | - | -129 000 |
| 3670 Sal av fast eigedom | -987 650 | -1 000 000 | 12 350 |
| 3690 Fordelte utgifter | -356 000 | - | -356 000 |
| 3729 Momskomp invest. | -4 824 854 | -9 590 000 | 4 765 146 |
| 3770 Refusjon frå private | -10 000 | -1 000 000 | 990 000 |
| 3810 Statstilskott | -250 000 | -17 600 000 | 17 350 000 |
| 3830 Overføring frå fylkeskommune | -300 000 | - | -300 000 |
| 3890 Overføring fra private | -494 000 | - | -494 000 |
| 3891 Overføring frå IKS | -166 667 | - | -166 667 |
| 3910 Bruk av lån | -46 317 250 | -74 760 000 | 28 442 750 |
| 3920 Mottatte avdrag | -392 048 | -500 000 | 107 952 |
| 3940 Bruk av disposisjonsfond | -765 252 | -5 000 000 | 4 234 748 |
| 3941 Bruk av disp.fond e-skatt | - | -5 350 000 | 5 350 000 |
| 3948 Bruk av ubundne kapitalfond | - | -1 000 000 | 1 000 000 |
| 3970 Overføring frå driftsregnskap | -20 000 | -20 000 | - |
| Sum finansiering | -55 012 721 | -115 820 000 | 60 807 279 |


2.6. Balanse – fond – soliditet

1. Anleggsmiddel utgjer 818 mill. kr. Dette består av bokført verdi av kommunale eigedomar, ansvarleg lånekapital til Eidsiva Energi A/S og Valdres Energiverk A/S, samt formidlingslån, sosiale lån og aksjar og andelar i andre selskap.
I tillegg til ovannemnde kjem også pensjonsmidlane knytt til anleggsmiddel, som utgjer 307,5 mill. kr. Desse midlane kan sjåast i forhold til kommunen sine opparbeidde pensjonsplikter overfor eigne tilsette, og tidligare tilsette sine pensjonsrettar oppført på gjeldssida i balanse på 359,7 mill. kr.
2. Omløpsmiddel utgjer 190,7 mill., noko som er ei auke på 44,6 mill. Av omløpsmidlane utgjer 32,2 mill. ubrukte lånemiddel per 31.12.2017. Desse lånemidlane blir nytta i prosjekt i starten av 2018. Premieavviket (KLP og SPK), som inngår i omløpsmidlane, utgjer 19,7 mill. kr (ein nedgang på 0,5 mill. kr).
3. Eigenkapital er oppført med 348,9 mill. Korrigert for kapitalkonto utgjer kommunen sine fond inkl. mindreforbruket i drift 2017 samla 11,8. kr per 31.12.2017.
4. Langsiktig gjeld er eks. pensjonsplikter per 31.12.2017 er på 249,1 mill. kr, som er ei auke på 65,3 mill. frå 31.12.2016.

2.6.1. Nøkkeltal balanse

Kommunen har per 31.12.2017 ei solid økonomisk stilling, både når det gjeld nivået på disposisjonsfond og lånegjeld. Utvikling av andel disposisjonsfond av brutto driftsinntekter er aukande i forhold til fylket, samanliknbare kommunar og landsgjennomsnittet. Netto lånegjeld følgjer nasjonal trend. Kommunen står føre store investeringar som vil krevje vesentleg bruk av finansane, jf. økonomiplanen for 2018-2021.

Figur 2-2 Disposisjonsfond**Figur 2-3 Arbeidskapital****Figur 2-4 Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter**

Figur 2-4 Fordeling av lånegjeld pr 31.12.2017**Figur 2-5 Fordeling av lånegjeld 2014-18**

2.6.2. Kommentar til lånegjeld

Kommunen har ved utgang av 2017 ei lånegjeld på 249 mill. kr, fordelt på lån i Kommunalbanken, KLP Kommunekreditt og Husbanken. 127 mill. kr (50,8 %) av lånegjelda er relatert til sjølvkostområdet vatn og avløp.

Tabell 2-22 Balanse per 31. desember

| | 2017 | 2016 |
|-------------------------------------|-------------|-------------|
| EIENDELER | | |
| Anleggsmidler | 818 095 217 | 763 288 301 |
| <i>Herav:</i> | | |
| Faste eiendommer og anlegg | 429 873 358 | 394 018 856 |
| Udstyr, maskiner og transportmidler | 7 872 000 | 8 406 125 |
| Utlån | 26 838 898 | 27 197 973 |
| Aksjer og andeler | 46 051 146 | 45 458 921 |
| Pensjonsmidler | 307 459 814 | 288 206 427 |

| | | |
|-------------------------------|----------------------|--------------------|
| Omløpsmidler | 190 741 358 | 146 096 656 |
| <i>Herav:</i> | | |
| Kortsiktige fordringer | 12 573 150 | 13 109 564 |
| Premieavvik | 19 662 755 | 20 241 608 |
| Obligasjoner | 5 000 000 | - |
| Kasse, postgiro, bankinnskudd | 153 505 452 | 112 745 484 |
| SUM EIENDELER | 1 008 836 574 | 909 384 957 |

EGENKAPITAL OG GJELD

| | | |
|--|----------------------|--------------------|
| Egenkapital | 348 907 344 | 336 509 062 |
| <i>Herav:</i> | | |
| Disposisjonsfond | 65 756 925 | 68 079 105 |
| Bundne driftsfond | 22 106 161 | 17 988 517 |
| Ubundne investeringsfond | 10 344 632 | 8 981 223 |
| Bundne investeringsfond | 1 617 357 | 1 617 357 |
| Regnskapsmessig mindreforbruk | 11 916 124 | 10 432 072 |
| Kapitalkonto | 241 442 793 | 233 687 436 |
| Endr regnskapsprinsipp som påvirker AK (drift) | -4 276 648 | -4 276 648 |
| Langsiktig gjeld | 608 838 255 | 533 343 947 |
| <i>Herav:</i> | | |
| Pensjonsforpliktelser | 359 693 444 | 349 551 899 |
| Andre lån | 249 144 811 | 183 792 048 |
| Kortsiktig gjeld | 51 090 975 | 39 531 949 |
| <i>Herav:</i> | | |
| Annен kortsiktig gjeld | 51 090 975 | 39 531 949 |
| SUM EGENKAPITAL OG GJELD | 1 008 836 574 | 909 384 957 |

MEMORIAKONTI

| | | |
|------------------------------|-------------------|------------------|
| Memoriakonto | 32 687 782 | 4 245 032 |
| <i>Herav:</i> | | |
| Ubrukte lånemidler | 32 185 832 | 3 743 082 |
| Andre memoriakonti | 501 950 | 501 950 |
| Motkonto for memoriakontiene | -32 687 782 | -4 245 032 |

2.7. Oppsummering

- Kommunen si finansielle stilling er god
- Positivt resultat innan sjølvkostområde vatn og avløp (*som er avsett til bunde driftsfond*) bidrog til eit positivt netto driftsresultat på 4,1 mill. kr i 2017. Driftsregnskapet viser også til mindreutgifter til løn og pensjon og mindre avdrag og renteutgifter til lån samt meirinntekter innan byggesaksgebyr.
- Også i 2017 er regnskapet prega av god budsjettkontroll i verksemndene
- Kommunen har nådd resultatmåla i handlingsregelen både når det gjeld lånegjeld og disposisjonsfond per 31.12.2017. Men kommunen har ikkje nådd målet i handlingsregelen med omsyn til netto driftsresultat i 2017.

3. Organisasjon

3.1. Rekruttering

Det vart til saman rekruttert inn 38 nye personar i faste stillingar gjennom 2017. 29 personar slutta i faste stillingar i løpet av året (turnover på om lag 9 %. Rekna i årsverk er turnover om lag 8 %).

Rekrutteringssituasjonen har vore rimeleg stabil over dei siste åra. Det er gjennomgåande god søking til ledige stillingar, og generelt opplever kommunen framleis å ha godt kvalifisert arbeidskraft i dei fleste stillingane. Særleg når det gjeld einskilde høgskulegrupper og i leiarstillingar kunne ein ha ønskt seg noko betre søker til stillingane. Konkret var det ved utgangen av 2017 vakansar i sjukepleiarstillingar og i ei planleggarstilling.

Kommunen ser også utfordringar knytt til deltidsstillingar i helse- og omsorgssektoren. Det blir sett i gang eit prosjekt i 2018 som skal sjå nærmare denne problemstillinga.

3.2. Sjukefråvær

Kommunen hadde i 2017 eit sjukefråvær på 8,4 %. Fordelt på område er tala slik:

Tabell 3-1 Sjukefråvær fordelt på område

| | 2017 | 2016 |
|----------------------------|--------------|--------------|
| Opplæring og kultur | 8,4 % | 5,1 % |
| Helse og omsorg | 8,9 % | 11,3 % |
| Andre | 7,4 % | 5,7 % |
| Totalt for kommunen | 8,4 % | 7,6 % |

Talet på 8,4 % må historisk sett betraktast som eit høgt nivå for Øystre Slidre kommune. Tala for Øystre Slidre ligg truleg framleis under gjennomsnittet i kommunenesektoren.

Utviklinga i Øystre Slidre gjennom dei siste 10 åra har vore slik:

Figur 3-1 Utvikling av sjukefråvær



Som tidlegare er det langtidsfråværet som utgjer hovudtyngda av sjukefråværet i kommunen. Kroniske/alvorlege lidinger gjev stort utslag på statistikken:

Figur 3-2 Sjukefråvær etter kategori 2017



Kommunen har inngått avtale om eit inkluderande arbeidsliv (IA-avtalen), og har rutinar for oppfølging av langtidssjukmeldte.

3.3. Lokale lønnsforhandlingar

Rådmannen gjennomførte lokale lønnsforhandlingar for alle tilsette i 2017. Det vart til saman fordelt 1,3 mill. kr i desse forhandlingane:

Tabell 3-2 Resultat lokale forhandlingar 2017

| Kapittel i Hovudtariffavtalen | Fordelt beløp i lokale forhandlingar |
|---|--------------------------------------|
| Kapittel 3 (leiarar, berre lokal lønnsdanning) | 324 500 |
| Kapittel 4 (det største volumet av arbeidstakrarar, både lokal og sentral lønnsdanning, sentralt fastsett pott) | 794 540 |
| Kapittel 5 (i hovudsak akademikrar, berre lokal lønnsdanning) | 193 210 |
| Totalt | 1 312 250 |


Midlane er fordelt etter forhandlingar med lokale organisasjonar, og det var semje om resultatet med alle organisasjonane.

3.4. Likestilling

Det er framleis eit relativt kjønnsdelt arbeidsmønster i kommunen.

Tabell 3-3 Nøkkeltal kvinneandel per 31.12.2017


| | Nøkkeltal |
|---------------------------------------|---------------------|
| Kvinneandel tilsette: | 255 av 315 (81,0 %) |
| Kvinneandel årsverk: | 78,9 % |
| Kvinneandel toppleiarar (tilsette): | 0 av 3 (0 %) |
| Kvinneandel mellomleiarar (tilsette): | 14 av 20 (70,0 %) |

Figur 3-3 Kvinneandel av årsverk**Tabell 3-4 Likelønn**

| | Desember 2017 | Desember 2016 |
|------------------------|---------------|---------------|
| Snitt reg.lønn kvinner | 455 731 | 445 742 |
| Snitt reg.lønn menn | 510 991 | 493 658 |
| Likelønnsprosent | 89,2 % | 90,3 % |

Per desember 2017 hadde kvinner ei gjennomsnittleg regulativlønn på 89,2 % av gjennomsnittet for menn (i grunnlaget ligg om lag 231 årsverk). Tilsvarande tal for 2016 var 90,3 %, noko som betyr at Øystre Slidre kommune har hatt ei **negativ** likelønnsutvikling frå 2016.

Utviklinga har vore slik:

Figur 3-4 Utvikling av relativ kvinnelønn


Tabellen over viser at det er to hovudforklaringsar på at det har vore ei negativ likelønnsutvikling frå 2016-17:

- Andelen kvinnelege toppleiarar har gått ned frå 33 % til 0 %
- Det har vore ei negativ likelønnsutvikling i høgskulegruppa. Dette er ein trend sidan 2013. Det er vanskeleg å finne ei eintydig forklaring på dette, men det ser ut som hovudforklaringa kan være at talet på menn i denne gruppa er lite (17,7 årsverk), og at turnover (tilsette i avgang og nye tilsetjingar) difor gjev uforholdsmessig store utslag i gjennomsnittslønn for menn i denne gruppa.

3.5. Arbeidstid/deltid

Øystre Slidre kommune har fokus på deltidsproblematikk. Gjennomsnittleg stillingsprosent (fast tilsette) har utvikla seg slik (status per 31.12 kvart år):

Figur 3-5 Utvikling deltid (stillingsprosent) fordelt på kjønn



Etter eit år med gledeleg utvikling frå 2015 til -16, har no gjennomsnittleg stillingsprosent gått ned til eit «normalnivå».

Øystre Slidre kommune praktiserer deltidstilsette sin rett til stillingsutviding, gjennom å lyse ut ledige faste stillingar internt i samsvar med føresegnene i Hovudtariffavtala. Der det blir vurdert som føremålstenleg, opnar kommunen for å dele stilling (at deltidstilsette kan søkje på dei delane av den ledige stillinga som let seg kombinere med eksisterande stilling).

Dette er eit stort dilemma i turnusyrke, der krav til bemanning på helg vil medføre at stillingsutvidingar vil utløyse fleire reine helgestillingar (små delstillingar) – noko som ingen vil være tent med. Kommunen har difor hovudfokus på kva ein ev. kan gjere for å auke gjennomsnittleg stillingsprosent. Det blir sett i gang eit større prosjekt med fokus på dette i 2018.

3.6. Etisk standard

Kommunen har retningslinjer for mislegheiter. Likebehandling og habilitet er viktige verdiar i Øystre Slidre kommune, og har vore gjenstand for drøftingar både på politisk og administrativt nivå i 2017.

Etikkprosjektet «Etikk i fokus» i samarbeid med KS vart avslutta som prosjekt i 2014, og er no implementert i drift i heile helse- og omsorgstenesta i kommunen. Etikkarbeidet er systematisert i

tenestene sine årshjul, men vert òg nytta sporadisk etter møte, rapportar og fagsamlingar. Etikk som satsingsområde er forankra i administrativ og politisk leiing.

3.7. Lønnsrekneskapen

Lønnsrekneskapen (konto 1010-1099) viser eit forbruk på 175,9 mill. kr. Dette er i samsvar med budsjett (99,9 %). Refusjonar (sjukelønn og fødselspengar) har ei meirinntekt i forhold til budsjett på 2,2 mill. kroner. Til saman gjev dette eit netto mindreforbruk på lønsområdet (lønn og refusjon) på om lag **2,4 mill. kr.**

Kommunen budsjetterer bevisst med eit relativt lågt sjukefråvær – og tilsvarande låge vikarutgifter. Meirinntekter på refusjon kjem av eit høgare sjukefråvær enn det budsjetterte, men dette har også ført til høgare vikarutgifter.

Dei største budsjettavika i lønnsbudsjettet er:

- Pensjonspremien vart lågare enn føresett i budsjettet. Dette har ført til at rekneskapsførte kostnader på avdelingsnivå vart lågare enn føresett, mot eit tilsvarande lågare premieavvik (som gjev overforbruk på finans). **Nettoeffekt er 0**, men brutto utgjer dette om lag 2,6 mill. kr. Pensjonsområdet gjekk likevel 135' betre enn budsjettet. Dette grunna lågare uttak av AFP 62-64 i KLP-området: underforbruk 207' (50% av budsjett)
- Lønnsoppgjeret vart nok ein gong moderat (2,4 % sentralt, mot 2,9 % i budsjettet). Teoretisk skulle dette ha medført eit underforbruk (inkl. sos. utg.) på om lag 550'.
- Miljøtenesta: Uføresette endringar i tenesteomfanget (underforbruk 1,9 mill. kr)
- ØSUS: Mindre lønnsutgifter, ressursar brukt på Rogne skule (underforbruk ØSUS 737')
- Flyktningtenesta: Det var budsjettert med 10 nye vaksne flyktningar. Det vart busett 9 personar totalt, av desse var 4 vaksne (underforbruk 646')
- Stab: Mindre vikarinleige (underforbruk 611')
- Lærlingverksemda: Vakansar (underforbruk 473')
- Teknisk drift: Vakant vaktmeisterstilling (underforbruk 442')
- Lidar skule: I hovudsak mindre vikarinleige (underforbruk 331')
- Rogne skule: Overforbruk fastlønn. Ressursar overført frå ØSUS (overforbruk Rogne skule 510')
- Rogne barnehage: Høgare bemanning (høgare barnetal) enn føresett i budsjettet (overforbruk 413')
- Tingvang barnehage: Høgare bemanning (høgare barnetal) enn føresett i budsjettet (overforbruk 138')
- Politikk: Innføring av eigedomsskatt førte til fleire møter i takstnemnda enn budsjettet (overforbruk 135')

3.8. Premieavviket/«pensjonsbomba»

2017 vart tredje året på rad der det akkumulerte premieavviket i KLP vart redusert. Premieavviket er ein konsekvens av at reglane for kommunal rekneskapsføring seier at kommunen kan rekneskapsføre eit anna beløp (ein berekna «netto pensjonskostnad») enn det som blir innbetalt. Intensjonen med ordninga er at kommunane i sine rekneskap skal kunne fordele reelle pensjonsutgifter over tid, for på denne måten å være mindre sårbar overfor konjunktursvingingar.


Vedvarande låg rente kombinert med relativt høge lønnsoppgjer og auka forventningar til levealder, har ført til at premieavviket over tid har vorte betydeleg høgare enn det som var føresett då ordninga vart etablert i 2003. Difor er det også gjort innstrammingar i ordninga dei seinare åra.

Det akkumulerte premieavviket (betalte, men ikkje rekneskapsførte kostnader) i KLP er på om lag **18,9 mill. kr per 31.12.17**. Dette er 4,2 mill. betre enn prognosane. I SPK er tala annleis; der er det eit *negativt*

akkumulert premieavvik på om lag 0,6 mill. kr. Inkludert arbeidsgjevaravgift er samla premieavvik (i KLP og SPK) på 19,7 mill. kr.

Premieavviket er på nytt forventa å auke gjennom 2017, og i følgje prognosar frå KLP (sept. -17) vil akkumulert premieavvik ved utgangen av 2018 være på 23,0 mill. kr.

Figur 3-6 Akkumulert premieavvik KLP-området



Figur 3-7 Utvikling av årleg premieavvik KLP-området 2003-17



4. Interkommunalt samarbeid

Kommunane i Valdres har eit omfattande samarbeid og kommunane har lagt delar av utviklingsarbeidet til Valdres Natur- og Kulturpark.


Årsmelding for interkommunale tenester for vertskommunesamarbeid frå vertskommunane Nord-Aurdal og Sør-Aurdal kommunar ligg føre som vedlegg til denne årsmeldinga.

Årsmelding frå Krisesenteret på Ringerike er tilgjengeleg, men ikkje vedlagt.

Tabell 4-1 Øystre Slidre kommune sin andel i interkommunale samarbeid i Nord Aurdal kommune som vertskommune (i heile 1 000 kr) Regnskapstal og budsjett er tatt ut i frå mottatt årsmelding.

| Teneste | Regnskap | Regnskap | Regnskap | ØSK sin andel |
|-------------------------------|---------------|---------------|--------------|---------------|
| | 2017 | 2016 | 2015 | |
| Skatteoppkrevjaren | 564 | 602 | 615 | 17,80 % |
| PPT | 1 301 | 1 299 | 1 173 | 17,80 % |
| Barnevern eks. tiltak | 2 187 | 1 776 | 1 622 | 23,00 % |
| Jordmøteneste | 282 | 319 | 326 | 17,00 % |
| Legevakt | 2 481 | 2 497 | 2 209 | 17,00 % |
| Intermediær inkl. KAD ø.hjelp | 2 607 | 2 449 | 1 934 | 17,80 % |
| VLMS lokalar drift | 471 | 539 | - | 17,00 % |
| Nav eks. tiltak | 2 172 | 2 046 | 2 273 | 17,00 % |
| Brannførebyggande | 312 | 332 | 294 | 45,30 % |
| Sum | 11 377 | 11 257 | 9 831 | |

Figur 4-1 Utvikling av brutto driftsutgifter i § 27- og 28-samarbeid med Nord Aurdal kommune



5. Administrativ leiing

Sentral leiing:

Sentral administrativ leiing består av rådmann, to kommuneleiarar og økonomisjef. Kommuneleiarane har overordna ansvar for områda «Opplæring og kultur» og «Helse og omsorg».

5.1. Oversikt over tilsyn i 2013 – 2017

Tabell 5-1 Oversikt over tilsyn 2013-17

| Myndighet | Område | Status |
|--|---|--------------------|
| 2013 | | |
| Statsarkivet | Arkiv | Avvik lukka |
| Mattilsynet | Kollstad vv. | ingen avvik |
| Mattilsynet | Sjukeheimen | Avvik lukka |
| Arbeidstilsynet | Øystre Slidre ungdomsskule | Avvik lukka |
| Fylkesmannen | Barnehage - alle | ingen avvik |
| Fylkesmannen | Læreplaner Rogne/ØSUS | ingen avvik |
| Fylkesmannen | Miljøtenesta | Avvik lukka |
| Valdres brannførebyggande | Kommunale bygg | Avvik lukka |
| 2014 | | |
| Arbeidstilsynet | Heimetenesta, sjukeheimen og miljøtenesta | Avvik lukka |
| 2015 | | |
| Valdres Brannførebyggande | Miljøtenesta | Avvik lukka |
| Valdres Brannførebyggande – årleg tilsyn | Sjukeheimen | Avvik lukka |
| Fylkesmannen | Beito Reinseanlegg | Avvik delvis lukka |
| Valdres Brannførebyggande | Beito barnehage | Ingen avvik |
| | Brennebakkin | Ingen avvik |
| | Rogne barnehage | Ingen avvik |
| | Rogne skule | Ingen avvik |
| | ØSUS | Avvik - frist 2016 |
| EL Tilsyn | Helsehuset | Alle avvik lukka |
| | Rogne skule | |
| | Rogne barnehage | |
| | Aktivitetshuset | |
| 2016 | | |
| Statens Kartverk | Matrikkeltilsyn | Avvik lukka |
| 2017 | | |
| Arbeidstilsynet | ØSUS – sløydsal | Avvik – frist 2018 |

5.2. Beredskap

Grepå frå 2016 for å styrke kommunen sitt beredskapsarbeid er vidareført i 2017. Vi har hatt fleire møte i kommunen sitt beredskapsteam, som framleis består av kommunalsjef for helse og omsorg (beredskapsansvarleg), beredskapskoordinator, teknisk sjef og stabsleiar (informasjonsansvarleg). Representantar frå beredskapsteamet har delteke på alle fylkesmannen sine beredskapssamlingar (vår og haust), samt Skype-møter i regi av fylkesmannen.

Det blir arbeidd med å halde CIM à jour. CIM er kommunens dokumentasjonsverktøy når det gjeld krisehandtering og beredskapsarbeid. Kommunen deltek i CIM-øvingar i regi av fylkesmannen.

Kommunen har to satellittelefonar med tanke på å sikre kommunikasjonen om telenettet skulle bli borte.

Ny heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (H-ROS) vart vedteken i kommunestyret i februar -17. H-ROS frå kommunen blir no brukt som nasjonalt godt eksempel av NUSB, og den ligg på Fylkesmannen i Oppland sine sider som godt eksempel for andre kommunar som skal lage ny H-ROS. Det blir arbeidd med tiltak i høve til H-ROS, og den er take med i arbeidet med revidering av beredskapsplanane.

Øystre Slidre kommune held fram sitt øvingssamarbeid med Vestre Slidre og Vang kommunar. I forlenginga har rådmennene i Valdres oppretta ei kontakt/erfaringsgruppe i Valdres. Denne bestå av beredskapskoordinatorane i kommunane. I møta blir det utveksla erfaringar og det blir sett på korleis kommunane best mogeleg kan dra vekslar på kvarandre sine kunnskap og kapasitet om det skulle bli nødvendig.

Det er òg i 2017 arbeidd med å oppdatere, oppgradere og ajourføre kommunen sine beredskapsplanar.

Tabell 5-2 Regnskap beredskap 2017

| | Regnskap 2017 | Buds(end) 2017 | Regnskap 2016 |
|-----------------------------------|--------------------------|---------------------------|--------------------------|
| | | | |
| 10 LØN OG SOSIALE UTGIFTER | 301 760 | 315 000 | 297 545 |
| 11 KJØP AV VARER OG TENESTER | 13 443 | 82 000 | 45 920 |
| 12 INVENTAR/ UTSTYR, HONORAR M.V. | 1 990 | 20 000 | - |
| 14 OVERFØRINGAR | 3 858 | - | 4 424 |
| Sum utgifter | 321 052 | 417 000 | 347 889 |
| 17 REFUSJONER | -7 255 | -4 000 | -41 999 |
| Sum inntekter | -7 255 | -4 000 | -41 999 |
| Sum 113 BEREDSKAP | 313 796 | 413 000 | 305 890 |

6. Staben

6.1. Viktige saker og hendingar i 2017

- Etablering av nye nettsider
- Innføring av ny løysing for elektroniske søknadsskjema
- Tilrettelegging for innføring av generell eigedomsskatt frå 2018
- Lokale lønnsforhandlingar
- Stortingsval med ny krinsstuktur og elektronisk manntal

6.2. Mål og måloppnåing

Følgjande av kommunen sine delmål har spesiell relevans for staben:

- **Vekst i kvalitet**
 - Øystre Slidre kommune skal, ved effektiv ressursbruk, tilby tenester som i kvalitet og innhald tilfredsstiller innbyggerane og gjestene sine grunnleggande behov.
- **Offensiv organisasjon**
 - Øystre Slidre kommune skal vere ein organisasjon som er brukar- og serviceorientert.
 - Øystre Slidre kommune skal vere ein attraktiv arbeidsgjevar. Kommunen skal ta vare på sine tilsette, og sikre ei god rekruttering i framtida.
 - Øystre Slidre skal drive aktiv informasjon.

Målloppnåing

Dei overordna måla er i liten grad konkrete nok til å kunne slå fast om staben har nådd måla.

Målet med omorganiseringa som vart gjennomført frå 01.01.13 var mellom anna å styrke kommunen sine administrative styringssystem (som post/arkiv og internkontroll), samt å styrke informasjonsarbeidet.

6.3. Informasjon, arkiv, sentralbord, postmottak

Kommunen lanserte nye nettsider (samarbeidsprosjekt i Valdres) den 1. desember 2017. Dei nye nettsidene er tilpassa mobiltelefon og nettbbrett, og skal være vesentleg enklare å manøvrere i enn dei tidlegare sidene. Det er større fleksibilitet i strukturen på dei nye sidene, og tilbakemeldingane frå publikum så langt, har vore gode.

Vi fortsetter den gode trenden med stadig betre datafangst i arkivet. I 2017 vart det registrert til saman 8 542 journalpostar (brev inn/ut og andre saksdokument, mot 7 845 året før. Overgang til ny versjon av saksbehandlarsystemet skjer i januar 2018, og vil venteleg føre til endå betre registrering av e-post. Førebuing til denne overgangen kom i gang mot slutten av året.

Pålegget etter tilsyn i Statsarkivet (2013) er no endeleg lukka. I løpet av -17 vart oversikta over det som er satt bort i fjernarkivet ferdig, i tillegg til ei fullstendig oversikt over alle fagsystem som Øystre Slidre kommune bruker og som produserer dokument til arkiv. Vi hadde òg ei stor opprydding i fjernarkivet av gamle rekneskaps- og lønnsbilag. Det pågår stadig rydding i arkiv frå ytre einingar (i 2017 kom det inn materiale frå Brennebakkin og skulane, og det vart rydda i arkivet på sjukeheimen).

Planlagt digitalisering av egedomsarkivet vart utsett på nytt, då utviklinga av system for å gjere integrasjon mot kommunen sitt saks-/arkivsystem enklare og betre tok lengre tid enn føresett.

6.4. Rekneskapsavdeling

Rekneskapsavdelinga innførte inngående og utgående eFaktura i 2013. Dette, i tillegg til avtalegiro (innført for fleire år sidan) gjev eit betre tilbod til kundane. Kommunen kan no ta i mot fullelektroniske fakturaer frå alle leverandørar, og ein har registrert ei svært positiv utvikling på dette området. I 2017 er det motteke 6 909 fakturaer. Av desse er 63 % fullelektroniske (ei euke frå 52 % året før). 18 % av mottekne fakturaer blir no sendt rett til saksbehandlar ved bruk av «profil» på fakturaen.

Skattemodul for eigedomsskatt vart oppretta, med tilrettelegging for synfararar, tilsette og takstnemnda. Det vart synfart og oppmålt ca. 6 700 eigedomar.

Kommunen har teke på seg rekneskapsføring, lønskjøring og personaltenester for det nye selskapet Valdres brann- og redning IKS frå 1. januar 2018. Førebuing til dette var ei prioritert oppgåve mot slutten av året.

Kommunen har elles gjennom heile året hatt fokus på innkrevjingsarbeid, noko som bidreg til kommunen framleis ligg godt an m.o.t løysingsgrad på innfordringar.

6.5. Løns- og personalavdeling

Staben behandla i løpet av 2017 til saman 75 tilsettjingssaker, og inngjekk 286 nye arbeidsavtaler. Mange av desse avtalene gjeld vikariat (dels forlenging av vikariat og tilkallingsvikariat) og endringar av eksisterande stillingsforhold.

I tillegg vart det behandla 57 permisjonssøknadar (lengre permisjonar).

Løns- og personalavdelinga deltek aktivt i sjukefråværssarbeidet i kommunen, og er ein aktiv bidragsytar i det regionale samarbeidet.

Det vart gjennomført lokale lønnsforhandlingar for alle tilsette i 2017, sjå kapittel 3.3.

6.6. Bevillingssaker m.m.

Kommunen behandla i 2017 26 søknader i skjenke- og serveringssaker, i tillegg til behandling av kontrollrapportar etter skjenke- og salskontollar, gjennomføring av kunnskapsprøver i alkohollova og etablerarprøver.

6.7. Stortingsval

Det var stortingsval i 2017. 2 378 personar var røysteberettiga, frammøtet var på 75,7 %.

Dette var første valet som vart gjennomført med ny krinsinndeling og med elektronisk manntal på valdagane.

7. Planavdelinga

Dei store oppgåvene i planavdelinga i 2017 har vore:

Kommuneplan for Øystre Slidre – arealdel

Arealdelen til kommuneplanen fekk sitt endelige vedtak i januar 2017. Med det var eit stort arbeid utført, og mykje av arealbruken i kommunen har fått ei avklaring. Denne avklaringa vil gje potensiale til mange private initiativ til framtidige planar.

Kommunedelplan for vassmiljø, vassforsyning og avløp

Denne store planen for lokal vassforvaltning kravde store ressursar også i 2017. Prosessar med offentleg høyring er gjennomført med stort engasjement. Endelig vedtak vil kome i februar 2018. Vi er av dei første kommunane som har utarbeidd ein plan som direkte følger opp regionale vassforvaltingsplanar bygd på EU sitt vassdirektiv. Vi merker stor interesse til vår plan frå andre kommunar og fylkeskommunar.

Tettstadsutvikling Beitostølen

Arbeidet med tettstadsutvikling vart vidareført også i 2017. Sentrumsplanen utarbeidd av konsulentfirmaet Mountainworks vart vidareført i ein reguleringsplan for Beitostølen sentrum (del 1). Planen er utarbeidd av kommunen og gjev stort utviklingspotensiale for forretningsareal og fritidsbustader i sentrum. Dei trafikale tilhøva i Beitostølen sentrum blir kraftig utbetra ved opparbeiding av ny tilkomstveg til Skjenhauglie og utvikling av mange nye parkeringsplassar under terregn i sentrum.

Tettstadsutvikling Heggenes

Arealdelen til kommuneplanen gav avklaring til plassering av nytt omsorgssenter. Reguleringsplan for Heggenes sentrum med ny tomt for omsorgssenteret vart ferdig i 2017. I tillegg er det laga planskisser for nye bustadområde i nærområdet til Heggenes sentrum.

Tettstadsutvikling Skammestein

Utkast til reguleringsplan for Kølleberg bustadområde er utarbeidd i 2017, inklusiv tilkomst til Lidar skule. Arbeid med å få realisert planen held fram i 2018.

Private framlegg til reguleringsplanar

Handsaming av private reguleringsforslag krev mykje ressursar på avdelinga. Reguleringsforslag til hytteområda Sørre Garli – Garlislette og Robølshøvda er vedtatt med stort potensiale for nye hytter. Det er også arbeidd med vegframføring til hytteområdet ved Grytebekkosen og massetak i Skrebergene, Juvike og Reistebakkin.

Tekniske planar for veg, vatn og avløp

Arbeidet med å prosjektere og bygge VA-leidningar mellom Lidar skule og Sælid fortsette i 2017. Parsellen Kjøk – Nordtorp vart bygd i 2017, og prosjektering og utarbeiding av anbod for parsellen Nordtorp – Sæle vart gjennomført. Omlegging av 800 meter av Dalsvegen er i hovudsak bygd ferdig i 2017. Vegen har no fått ei langt betre lineføring.

Ei større oppgradering av overvassnettet i sentrum av Beitostølen vart prosjektert og starta opp i 2017. Der det var føremålstenleg er også vass- og avløpsnettet oppgradert. Dette for å møte dei store utbyggingsplanane i Beitostølen sentrum.

Siste parsell av turvegen Helsesportsenteret – Nordheimvegen (460 m) er prosjektert og bygd. Det same gjeld gang- og sykkelveg forbi Rogne skule. (440 m) Denne parsellen bind saman gang- og sykkelvegprosjekta til Oppland fylke sør og nord for Rogne skule. Kommunen fekk tilskot frå Oppland fylkes trafikksikkerhetsutvalg til prosjektet.

Prosjektering av bygg

Prosjektering av Øystre Slidre helsetun starta opp i 2017. Noko byggherrerelatert aktivitet vart utført av planavdelinga. M.a. vart det gjennomført konkurranse på prosjekteringsoppdraget, samt framskaffing av nødvendig prosjekteringsunderlag.

Ungdommens kulturhus «Gapahuken» er under bygging i 2017, og noko oppfølging med detaljprosjektering var naudsynt.

To nye bueiningar på Brennebakkin er prosjektert og søknad er sendt Husbanken.

Nytt lagerbygg ved Rogne skule er prosjektert.

8. Opplæring og kultur

8.1. Grunnskulen

8.1.1. Mål

Skulane skal vere over snittet i landet på ulike målingar.

Skulane skal gje borna ein trygg oppvekst med like mulegheiter til utvikling. (Det vil m.a. seie at skulane i Øystre Slidre skal ha eit psykososialt miljø der ingen opplever mobbing, diskriminering, vald eller rasisme.)

8.1.2. Måloppnåing

Resultat av nasjonale prøver i lesing, rekning og engelsk på 5., 8. og 9. årstrinn hausten 2017

Nasjonale prøver måler grunnleggande ferdigheiter i lesing, rekning og engelsk, men måler ikkje kunnskapsnivået slik som standpunkt- og eksamenskarakterar. Målsettinga er å ha betre resultat enn landsgjennomsnittet. Skalaen for resultata skal vere slik at ein kan samanlikne frå år til år. Det nasjonale snittet ligg på 50 skalapoeng, og talet i parentes fortel om stor eller lita sikkerheit i målingane. Stort tal betyr stor usikkerheit p.g.a. få elevar.

Tabell 8-1 Nasjonale prøver 5. trinn

| | 2015 | 2016 | 2017 | | |
|---------|----------|----------|----------|----------|-----------|
| | ØSK | ØSK | ØSK | Oppland | Nasjonalt |
| Engelsk | 46 (3,2) | 51 (2,8) | 50 (3,8) | 49 (0,4) | 50 (0,1) |
| Lesing | 48 (2,9) | 50 (3,2) | 47 (3,8) | 49 (0,4) | 50 (0,1) |
| Rekning | 47 (2,7) | 53 (2,7) | 48 (3,6) | 50 (0,4) | 50 (0,1) |

Tabellen over viser at elevane på 5. trinn i ØSK scorar likt eller like under nivået i landet innan dei tre grunnleggande ferdigheitene. Fordeling av elevane på dei tre meistringsnivåa er tilnærma lik landet elles, med unntak av i lesing der ØSK har ein større del elevar på lågaste meistringsnivå.

Hausten 2015 starta barneskulane kompetanseheving i rekning i alle fag, og lærarane har arbeidd systematisk med rekning i skuleåra 2015-17. Det har òg vore sett av ressursar til ein lærar på kvar skule som har hatt eit ekstra ansvar for å drive dette utviklingsarbeidet saman med rektor.

Tabell 8-2 Nasjonale prøver 8. trinn

| | 2015 | 2016 | 2017 | | |
|---------|----------|----------|----------|----------|-----------|
| | ØSK | ØSK | ØSK | Oppland | Nasjonalt |
| Engelsk | 48 (2,6) | 49 (2,9) | 49 (3,3) | 49 (0,4) | 50 (0,1) |
| Lesing | 52 (3,0) | 54 (2,8) | 49 (3,1) | 50 (0,4) | 50 (0,1) |
| Rekning | 50 (2,7) | 47 (2,6) | 48 (2,9) | 49 (0,4) | 50 (0,1) |

Nasjonale prøver blir avvikla tidleg på hausten. Dette betyr at det er kunnskapen frå 7. trinn som vert testa i nasjonale prøver på 8. trinn.

Tabellen over viser at snittet av elevane på 8. trinn i ØSK scorar på linje med landet i dei tre grunnleggjande ferdigheitene. På alle skulane har det vore arbeidd med lesestrategiar, noko som er viktig for å bli god i lesing. Resultata på 8. trinn har vore jamt stigande i lesing dei føregåande åra. I 2017 visar resultatet noko nedgang.

Gjennomgåande har elevane plassert seg på dei tre midtarste meistringsnivåa. Det er få elevar på lågaste og høgaste nivå.

Skulane gjer eit grundig arbeid med å analysere dei nasjonale prøvene for å kunne setje inn tiltak der ein ser at elevane manglar kunnskap. Dette systematiske arbeidet veit vi vil gje resultat. Tross dette systematiske arbeidet vil resultata variere frå år til år på dei ulike trinn.

Det er òg ein god dialog mellom barneskulane og ungdomsskulen for å sikre kvaliteten på den undervisninga som vert gjeve, og for å styrke kunnskapen om korleis det vert arbeidd på barnesteget og på ungdomssteget.

Tabell 8-3 Nasjonale prøver 9. trinn

| 9. trinn | 2015 | 2016 | 2017 | | |
|----------|----------|----------|----------|----------|-----------|
| | ØSK | ØSK | ØSK | Oppland | Nasjonalt |
| Lesing | 52 (3,3) | 57 (3,6) | 57 (2,9) | 53 (0,4) | 54 (0,1) |
| Rekning | 52 (2,6) | 51 (3,3) | 53 (3,4) | 53 (0,4) | 54 (0,1) |

Tabellen over viser at snittet av elevane på 9. trinn i ØSK scorar høgt over landet i lesing. I rekning er scorar dei på linje med landet. Resultatet i lesing er svært godt og fjarårets gode resultat er oppretthalde i år. Skulane har vorte meir bevisste på at også dei flinke elevane skal få tilpassa undervisning. Dette kan ha vore med på å løfte fleire elvar til høgste nivå.

Det er positivt at klassane har heva seg sidan dei gjekk på 8. trinn, og hadde same prøva, i lesing frå 54 til 57 og i rekning frå 47 til 53. Lærarteama arbeider systematisk for å skape eit godt læringsmiljø med høgt læringstrykk.

Resultat for 10. årssteg i eksamen i norsk og matematikk våren 2017

Alle elevane kom opp til skriftleg eksamen i engelsk. Karakterskalaen går frå ein til seks, der seks er beste karakter. 10. trinn kom også i opp i engelsk skriftleg i 2016.

Tabell 8-4 Eksamenskarakterar

| | 2016 | | | 2017 | | |
|---------|------|---------|-----------|------|---------|-----------|
| | ØSK | Oppland | Nasjonalt | ØSK | Oppland | Nasjonalt |
| Engelsk | 3,2 | 3,4 | 3,6 | 3,0 | 3,7 | 3,8 |

Tabellen over viser at elevane i ØSK scorar under Oppland og landet, noko vi ikkje er fornøgde med. Avstanden til resultata for Oppland og landet er større i 2017 enn i 2016. For å styrke engelskundervisninga har det vorte laga nettverk for lærarar i kommunen som underviser i engelsk, noko som vi har fått positive tilbakemeldingar på. Kommunen har i to år også hatt ein lærar på vidareutdanning i engelsk. I samband med Kompetanseløftet vil vidareutdanning i engelsk vere prioritert.

Grunnskulepoeng

Grunnskulepoeng er eit mål for det samla læringsutbyttet for elevane som får sluttvurdering med karakterar. Karakterane vert brukte som kriterium for opptak til vidaregåande skule. Grunnskulepoeng er rekna ut som summen av dei avsluttande karakterane til elevane, delt på talet på karakterar og multiplisert med 10.

Tabell 8-5 Grunnskulepoeng

| | 2017 | | |
|-----------------|------|---------|-----------|
| | ØSK | Oppland | Nasjonalt |
| Grunnskulepoeng | 37,8 | 41,2 | 41,4 |

Grunnskulepoenga varier ein god del frå år til år. Grunnskulepoenga i ØSK i 2017 viser eit tydeleg droppe frå tidlegare år. Poenga ligg relativt mykje under både Oppland og landet. Det er ikkje grunn til å tru at droppet i grunnskulepoeng er ein del av ein trend, men meir ei tilfeldigheit for dette året.

Tilbakemeldingane frå Valdres vidaregåande skule har vore at det ser ut til at Øystre Slidre ungdomsskule gjev standpunktakaraterar som samstemmer med vurderingane dei gjer på vidaregåande.

Gjennomføring

Skuleåret 2016-17 var det 97 % av elevane frå kommunen som fekk bestått i Vgi, talet for Oppland var 87 %. Det var 0 % frå kommunen som slutta, talet for Oppland var 3 %. Dette er svært gode fullføringstall.

8.1.3. Tiltak i 2017 for å oppnå mål

- Systematisk oppfylging av resultata i det nasjonale kvalitetssystemet på skulane, på desse nivåa: elevar, lærar, foreldre, rektor og kommunalsjef.
- Det er lagt spesielt vekt på systematisk kartlegging og oppfølging av elevar i den grunnleggjande ferdigheita rekning.
- Lærarane har lært å bruke verktøyet for pedagogisk analyse og har arbeidd spesielt med korleis ein skaper gode relasjonar til elevane og utvikle eit godt sosialt miljø i klassa.
- Skulene har deltatt i den nasjonale satsinga "Ungdomstrinnet i utvikling". Satsinga er organisert som et regionalt samarbeid i Valdres. Prosjektet er avslutta i 2017 men vidareført i ei skulebasert kompetanseutvikling. Arbeidet har fokus på å implementere revidert læreplan (overordna del).
- Ein lærar på ungdomsskulen tok vidareutdanning i engelsk over to år (60 stp.) og gjennomførte siste eksamen våren 2017. Ein lærar på ungdomsskulen har fullførte i 2017 vidareutdanning i matematikk. Ein lærar på Rogne skule tek vidareutdanning i engelsk. Utdanninga avsluttast våren 2018.
- Skulane har arbeid med ulike standardar for godt læringsmiljø og god undervisning. Arbeidet med å holde standardane i drift og følgje dei opp med ev justeringar pågår kontinuerlig.

8.1.4. Elevtal og prognosar

Tabell 8-6 Elevtal skuleåret 2018-19

| | 1.kl | 2.kl | 3.kl | 4.kl | 5.kl | 6.kl | 7.kl | 8.kl | 9.kl | 10.kl |
|--------------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|-------|
| Barneskulane | 26 | 42 | 34 | 44 | 27 | 34 | 34 | | | |
| ØSUS | | | | | | | 38 | 43 | 34 | |

Tabell 8-7 Prognose over 1. klassingar 2018-23 (basert på fødslar)

| Start 1. kl. | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|--------------|------|------|------|------|------|------|
| Fødde | 26 | 31 | 29 | 24 | 42 | 26 |

Prognosane viser at dersom det ikkje flyttar inn nye born i kommunen, vil det bli små klassar på dei øvste trinna på barneskulane. Elevane skal fordelast på Lidar skule og Rogne skule.

8.1.5. Arbeidet i skulane

- Vi har eit kollegium med høg fagkompetanse. Utskifting på grunn av alder skjer i nokon grad på alle skular.
- Vi har eit godt kvalitetssikringssystem for å sikre god grunnskuleopplæring og måle kvalitet.
- Det vert arbeidd for at fleire elevar skal få tilpassa undervisning i staden for spesialundervisning.
- Det er utviklet gode planar som skal sikre betre samarbeid og god overgang mellom barnehage og skule.
- Det er satt i gang ein foreldreskule for foreldra til elevane i 1. klasse.
- Undervisninga har hatt fokus på læringsutbyttet med særleg vekt på grunnleggjande ferdigheiter i lesing og rekning.

- Nasjonale prøver er eit godt verktøy for vurdering av elevane. Evalueringa gjev grunnlag for vidareutvikling gjennom:

1. Meir informasjon på tvers av skulane – barneskulane og ungdomsskulen
2. Større fokus på læringsresultat
3. Resultata er grunnlaget for å tilpasse undervisninga
4. Målretta satsing på område der vi over tid har låg score på nasjonale prøver gjev gode resultat

8.2. Barnehagar

8.2.1. Mål

- Ha eit miljø som gjev trygge, glade, sjølvstendige og skapande barne og unge
- Garantert barnehageplass etter fylt eitt år
- Ein god bustadkommune

8.2.2. Måloppnåing

- Alle som ynskjer barnehageplass, får plass etter fylte eitt år
- Det er vanskeleg å måle om vi har trygge, glade, sjølvstendige og skapande barne og unge i barnehage, men ut frå tilbakemeldingar frå foreldre og slik personalet ser barna, jobbar vi godt i retning målet.

8.2.3. Tiltak i 2017 for å oppnå mål

- Brukar kartleggings- og analyseskjema på læringsmiljø for å ha fokus på læringsmiljøet når det er uro for utviklinga til eit barn.
- Barna lærer best når dei deltek aktivt og får bruke språket saman med andre. Det vert difor lagt til retta for at barna får bruke språket i samanhengar som er meiningsfulle i kvardagen
- Barnehagane har større merksemd på om barn vert krenka eller om nokon fell utanfor det sosiale fellesskapet

8.2.4. Tenester og oppgåver i tenesteområdet

- Kommunen har overkapasitet på barnehageplassar. Hovudopptaket er i februar, men det vert teke inn nye barn gjennom heile året. Alle som treng barnehageplass, får plass så snart det er sikra nok personale
- Kommunen har slik bemanning: ein tilsett for ei gruppe på seks barn over tre år. Dersom barna er under tre år, er det ein vaksen på ei gruppe på tre barn
- Dei tilsette i barnehagane har høg kompetanse og mykje erfaring
- Barnehagane i Øystre Slidre driv svært fleksibelt med tanke på både brukarar og tilsette

8.2.5. Arbeidet i barnehagane

- Det er viktig med ekstra innsats der barn har ei forsinka språkutvikling. Til dette arbeidet har kvar barnehage ein stillingsressurs på 20 %.
- Dei tilsette har stor merksemd på omsorg. Omsorg i barnehagen handlar både om relasjonen mellom personalet og barna, og om barna si omsorg for kvarandre. Å gje barn muleheit til å gje kvarandre og ta imot omsorg, er grunnlaget for utvikling av sosial kompetanse, eit viktig bidrag i eit livslangt læringsperspektiv
- Alle barn skal trivast i barnehagen, dette er dei vaksne sitt ansvar. Dei tilsette brukar både observasjon og samtale for å vere sikre på at barna trivast
- Barnehagane legg vekt på å vere mykje ute og ha ulike aktivitetar gjennom heile året. Nærmiljøet er ein viktig arena som barnehagane nyttar seg mykje av

8.2.6. Privat barnehage

Heggebø barnehage er godkjent for 36 plassar for barn i alderen 1-5 år. I 2017 var det kommunale tilskotet til Heggebø barnehage på 2 634 816 kr, fordelt på drifts- og kapitaltilskot.

8.3. Kultur

8.3.1. Viktige saker i 2017

- Kulturprisen tildelt Solveig Sandberg og frivilligpris til Harald Larsen
- Ungdomsklubben er godt besøkt
- Stølsveko, ei aktivitetsveke for born, er eit populært tiltak
- Kulturskulen har høg kvalitet og stabilt elevtal
- Biblioteket er bra besøkt og har høgt utlån
- Frivilligsentralen har stor aktivitet
- Fjellstafetten er ein årleg suksess

8.3.2. Mål og måloppnåing

Utdrag frå mål

- Skal ha eit oppvekstmiljø som gjev trygge, glade sjølvstendige og skapande barn og unge
- Skal arbeide for eit breitt tilbod innan friluftsliv, kultur og idrett
- Barna skal få mulegheit til utvikling
- Skal ha eit variert tilbod både i arbeids- og fritidssituasjonar
- Skal stimulere til frivillighet, spesielt overfor eldre, både heimeverande og i institusjon

Hovudmål kultur

- Stimulere til møteplassar innanfor kulturlivet. By innbyggjarane eit mangfald av kulturtilbod, kulturell og kunstnarisk impuls, innsikt og kompetanse.

Måloppnåing

Dei ulike måla går over i kvarandre. Omtalen under indikerer at arbeidet vi gjer dreg oss i retning av måla.

8.3.3. Om dei ulike områda

Øystre Slidre kulturskule

Kulturskulen har dette året hatt 185 elevar fordelt på enkeltundervisning og grupper. Dei store forestillingane om våren og til jul er no delt i to, og samlar likevel eit så stort publikum at vi har smekkfulle hus. Resten av året er prega av mange små og intime konsertar, samt ulike oppdrag. Bygda er flink til å vende seg til kulturskulen for innslag på arrangement, møter og festar. Musikalen i år vart ein suksess og det vart i alt 6 framsyningar.

Rammeplanarbeid er i fokus, og det tek tid å arbeide etter ein så stor og omfattande plan.

Musikkbarnehagen eit særskilt godt tilbod, som tilfører både rock, klassisk retta og lokal dans og musikk. Sangstunder på sjukeheimen er prega av humør og songglede. Beitostølen helse sportssenter har kvar veke kulturtilbod frå kulturskulen i song og dans. Frå hausten planlegg vi eit samarbeid om å styrke SFO tilbodet på både barneskulane.

Prosjektet «Strykejernet» er i gang på Lidar skule. Dette er finansiert gjennom kriblemiddelordninga, og gjev tilbod om strykeopplæring til alle 3. klasseborn på Lidar skule gjennom eit heilt skuleår.

Høg kvalitet og smittande engasjement i alle ledd pregar kulturskulekvardagen, og vi opplever eit godt samarbeid mellom kulturskule og barnehage/grunnskule, helse og frivillige lag/ organisasjonar.

Øystre Slidre folkebibliotek

Øystre Slidre folkebibliotek består av hovudbiblioteket på ØSUS og to skulebibliotekfilialar på Lidar og Rogne skular. I 2017 auka besøket frå 25 673 til 29 707. Det totale utlånet gjekk opp frå 20 629 til 22 496. Vi hadde 14 arrangement for barn og vaksne, 114 temautstillingar, 302 klassebesøk og 4 brukarorienteringar.

I tillegg til vanlege bibliotekoppgåver har vi ferdigstilt og tatt i bruk eit eige rom for gaming med vekt på bilspeil, støtta av Nasjonalbiblioteket. Rommet har om lag 20 fornøyde unge brukarar som vekslar på å bruke rommet tysdags- og torsdagskveldar.

Vi fekk også 40 000 kr frå Nasjonalbiblioteket til innkjøp av lydutstyr og til arrangement.

Biblioteket investerte i nye sittemøblar for publikum og ny skranke med hev/senk-funksjon, samt nye hyller til lokallitteratur og engelsk litteratur.

Vi har hatt dataopplæring for eldre, og organisering av samtaletimar mellom flyktningar og innbyggjarar, ein flyktning i språkpraksis og ein person i arbeidspraksis.

Idrett, friluftsliv og kulturarrangement 2017:

Fjellstafetten vart arrangert for 16. gong, med 14 003 namn i bøkene. Kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet vart revidert for ei ny fireårsperiode, og spelemiddelordninga utløyste ein søknad på ordinære anlegg.

17. mai vart eit vellukka arrangement med godt økonomisk overskot for FAU. Kommunen arrangerte ein sommersymfonikonsert på Lyskapellet på Beitostølen og ein kulturkveld på Tingvang med utdeling av kulturpris og ungdomsprisar.

«Den kulturelle skulesekken» er viktig kulturformidling til grunnskuleelevane. I tillegg til produksjonane vi får gjennom ordninga, kjøper vi lokale produksjonar. Valdresmusea tilbyr gode produksjonar på kulturarv, og saman med vår eigen kulturplan får elevane i grunnskulen eit variert og breitt tilbod.

«Den kulturelle spaserstokken» er viktig kulturformidling til eldre, og har i år hatt 6 konserter. Den eine var ei ope forestilling med Anne Marie Kvien, alltid ein kjær gjest som syng seg inn i våre hjarter.

Øystre Slidre frivilligsentral

Øystre Slidre frivilligsentral har stor aktivitet, og saman med frivillige lag og organisasjonar utgjer dette eit allsidig tilbod for innbyggjarane i Øystre Slidre. Hovudmålet for frivilligsentralen er å vere eit kraftsenter for folkehelsearbeid og frivillig verksemd i kommunen.

I 2017 har frivilligsentralen hatt 71 enkeltfrivillige som har utført ca. 4 200 timer frivillig arbeid fordelt på 13 faste aktivitetar og fleire enkeltarrangement og prosjekt: trimgrupper, handarbeidstreff, babytreff, dansekveldar, musikk treff, lesestund, kafé m.m. I tillegg kjem enkeltarrangement som skogs- og fjellturar, Stølsveko, Folkehelseveke, opning av utstyrssentralen m.m. Det er stor etterspurnad etter nye tilbod for både flyktningar, barnefamiliar og eldre. Frivilligsentralen har to tilsette og ein stillingsressurs på 100 %.

Lokala til frivilligsentralen på Moatunet er særskilt trivelege, og på aktivitetar som fredagskafé og dansekveldar er det fullt hus.

8.3.4. Kulturtildskot

Det er gjeve kommunale kulturtildskot slik:

Tabell 8-8 Kulturtildskot fordelt på føremål

| | 2017 |
|------------------------------|-------------|
| Idrett - driftstildskott | 423 000 |
| Idrett - tilskott til anlegg | 377 000 |
| Friluftsliv | 142 000 |
| Akt barn og ungdom | 83 000 |
| Musikk og andre kulturtiltak | 309 420 |

Kyrkja og andre trussamfunn:

| | |
|------------------------------------|-----------|
| Øystre Slidre Kyrkjelege fellesråd | 2 886 000 |
| Andre religiøse trussamfunn | 55 632 |

Ungdomsarbeid

Ungdomsklubben er open kvar fredag i skuleåret, og er eit rusfritt tilbod til ungdom frå 8. klasse til 19 år. I 2017 har me i gjennomsnitt hatt om lag 70 besökande kvar opningskveld. Ungdomsgruppa er jamt fordelt over heile målgruppa, med ungdom frå Øystre Slidre og dei andre valdreskommunane.

Klubben får mykje ros for aktiviteten, er godt synlege i media og får mykje økonomisk stønad til aktivitet og utstyr frå lokale og nasjonale stønadsordningar.

Klubben arrangerer mekkeverkstad to timer i veka, der fem-ti ungdommar er med på mopedmekking i kjellaren på Furstrand.

Kommunen held fram med det gode samarbeidet med dei andre valdreskommunane om å arrangere UKM i kulturhuset på Fagernes.

Ungdomsrådet har hatt 9 møte i 2017. I har ungdomsrådet vore medarrangør på familiedagen på Furstrand, og arrangert temakveld for ungdom om ungdom og tidleg alkoholdebut, med utgangspunkt i tala frå *Ung data*. Ungdomsrådet består av ungdom frå 13-19 år, og har no hovudfokus på oppfølging av prosessen med nytt ungdomshus.

Ungdomsrådet gav pengestønad til Øystre Slidre skateklubb i 2018.

Elevråda ved Lidar og Rogne skule tok del i forhandlingsmøtet med formannskapet i november.

8.3.5. Oppsummering

Bibliotek, ungdomsklubb og frivilligentral skapar varierte tilbod og gode møteplassar. Kulturskulen driv opplæring, bygger identitet og meistring, og er eit ressurs-senter for alle innbyggjarane. Heile kulturavdelinga skapar lokal fellesskapskjensle, og er limet som bygger opp og tek vare på lokalt kulturliv, tilrettelagt av kreative og entusiastiske kulturarbeidarar.

8.4. Flyktingtenesta

8.4.1. Mål

- Vedtak om å busette ti personar
- Skaffe eigna bustader
- Sikre god opplæring i norsk og samfunnsfag
- Få til ei god og rask integrering

8.4.2. Måloppnåing

- Det vart busett 9 personar i 2017. Kommunen var anmoda om å ta i mot 10 personar.
- Kommunen har mottatt melding om at det ikkje vil bli anmoda om busetting i 2018.
- Alle har fått bustad og nokon bur i bufellesskap
- Vi kjøper introduksjonsprogram av Valdres KompetanseVekst AS
- Integreringskonsulent sikrar at integreringsprosessen kjem rask i gang og på ein god måte, og rådgjevar ordnar med bustadar og andre administrative oppgåver. Flyktingane finn seg godt til rette og er ein del av lokalmiljøet
- Ein del av flyktingane har kome så langt at dei har fått jobb og forsøgjer seg sjølve, nokre tek meir utdanning for å bli kompetente arbeidstakrarar

8.4.3. Tiltak for å nå måla

- Flykningtenesta i kommunen har i 2017 vore bemanna med 100 % stilling som integreringskonsulent og ei rådgjevarstilling på 80 %
- Norskopplæringa i skule og barnehage er styrka med ei 50 % språklærarstilling både i barnehage og skule i 2017
- Internt i kommunen er rutinar utbetra når det gjeld bustader, teknisk drift, vaktmeisterkorpset osv.
- Saman med introduksjonssenteret er det skaffa mange språkpraksisplassar både i det private næringslivet og i kommunen

8.4.4. Tenester og oppgåver i tenesta

- Med god hjelp frå introduksjonssenteret på Leira går busetjinga greitt. Vi er stadig på leit etter høvelege bustader, i og med at behovet har endra seg med familiar og einslege som gjerne vil bu åleine.
- Systematisk, sosial infrastruktur er skapt gjennom fadderordninga. Mange innbyggjarar i Øystre Slidre har teke på seg oppgåva å vere fadder for ein flyktning. Frivillige lag og organisasjonar har stilt opp når dei er vortne spurde, men har òg take initiativet sjølv til integreringsaktivitetar for flyktningane. Mange gode møteplassar er etablerte i løpet av året, både dei nære, familiære, men òg dei større bli-kjend-arrangementa der flyktningane har fått synt seg fram med dei ressursane dei har
- Flykningtenesta er eit komplisert tenesteområde som heng tett saman med t.d. teknisk drift, økonomi, Nav, helse/omsorg og opplæring/kultur

9. Helse og omsorg

9.1. Viktige saker og hendingar i 2017

- Vi fekk kommunestyrevedtak på utbygging av helsetun på Sørre Moen
- Ny institusjonsbuss er på plass
- Moavegen 1 er oppført og klar til å takast i bruk
- Utstyrssentralen blei etablert
- Kommunestyrevedtak om å utvide med ei fastlegestilling
- Oppbemanning på Moavegen 25
- Endring av leiarstrukturen i IHT

9.2. Mål

Følgjande av kommunen sine delmål har spesiell relevans for området Helse og omsorg:

Vekst i kvalitet

- Øystre Slidre kommune skal, gjennom effektiv ressursbruk tilby tenester som i kvalitet og innhald tilfredsstiller innbyggjarane og gjestene sine grunnleggande behov.

Alle skal med

- Øystre Slidre kommune skal ha eit oppvekstmiljø som gjev trygge, glade, sjølvstendige og skapande barn og unge.
- Øystre Slidre skal vere ei god bu- og arbeidskommune, med variert tilbod både i arbeids- og fritidssituasjon
- Øystre Slidre kommune skal stimulere til frivillig innsats, spesielt overfor eldre, både heimeverande og i institusjon.

Offensiv organisasjon

- Øystre Slidre kommune skal vere ein og serviceorientert organisasjon som er brukar- og serviceorientert.

Folkehelse, omsorg og sosiale tenester

- Øystre Slidre skal vere over snittet i landet på alle felt knytt til folkehelse, omsorg og sosiale tenester. Øystre Slidre skal gjennom strategisk arbeid på tvers av sektorar vere betre enn snittet i landet på alle punkt i folkehelseprofilen. Kommunen skal gjennom eigne tenester og regionalt samarbeid syte for at våre innbyggjarar får muligkeit til ein sunn livsstil, med tryggleik for at ein får den hjelpa ein treng når ein treng det.

9.3. Verksemndene

9.3.1. Miljøtenesta

Avdelinga består av:

- Bufellesskap for psykisk utviklingshemma
- Burettleiing for målgruppa
- Barneavlastning

Tiltak for å nå mål i 2017

- Styrka barneavlastninga med ei 73% stilling – finansiert av midlar frå privatavlastning
- Utvide barneavlastningstilbudet – all barneavlasting til Brennebakkin. Rekruttere avlastarar
- 2-3 tilrettelagte leilegheiter blir bygd på Brennebakkin.

- Vedlikehold av Solmoen A innvending.
- Skifte av terrassegolv ved inngangane på Brennebakkin.

Kommentarar til måloppnåing:

Behovet for avlastning har vore stabilt i 2017 når det gjeld talet på brukarar, men timetalet per månad er stigande for enkelte brukarar. Avlasting er i stor grad lagt til avlastningsbustaden på Brennebakkin, med unntak av eit par avtaler med private.

Det vart ei endring i tenesteomfanget i Miljøtenesta, etter at ein brukar med forholdsvis stort hjelpebehov flytta frå kommen i 2017. Dette har gjennom året ført til en viss reduksjon i personalbehovet, stillingar har stått ledige delar av året.

Planlegging av nye bustader er under arbeid. Planen er no at dei skal stå ferdige til hausten 2018. Det er satt av pengar til bygging, desse blir overført til 2018. Behovet for personell til nye bebuarar blir lagt inn i budsjettet for 2019.

Den eine leilegheita på Solmoen vart pussa opp innvendig på slutten av året.

Det står att utskifting av terrassegolvet framfor inngangane på Brennebakkin, samt lydisolering mellom to leilegheiter.

9.3.2. IHT - Institusjon og heimebaserte tenester

Avdelinga består av:

- Øystre Slidre sjukeheim
- Heimetenesta
- Praktisk bistand/heimehjelp

Tiltak

- Styrke bemanninga i Moavegen 25 – ikkje lagt inn i budsjettet
- Opne opp att to rom i underetasjen på sjukeheimen
- Om naudsynt kjøpe plassar, t.d. i Sør-Aurdal
- Etablere tenester i fire omsorgsbustader Moavegen 1
- Skaffe utstyr for o.a. å trygge demente og gje desse meir fridom til å bevege seg «fritt» - ikkje lagt inn i budsjettet
- Vidareutvikle kvardagsrehabilitering som alternativ til opptrening i institusjon

Kommentarar til måloppnåing:

- Fire av dei fem romma som vart etablert i underetasjen har vore brukt jevnleg i 2017 då vi har hatt stort pågang av pasientar, og har måtte kjøpe plassar i nabokommunar i tillegg.
- I slutten av oktober 2016 fekk vi ei auke i behov for tenester på sjukeheimen. Vi opna midlertidig 3 rom i underetasjen. Vi inngjekk avtale med to nabokommunar om kjøp av sjukeheimspllassar. Det er kjøpt 210 døgn i 2017 frå Vang og Vestre Slidre kommunar.
- For å avhjelpe situasjonen med stort press på heildøgnpllassar var det opna for å ta i bruk Moavegen 1 til dette formålet. Bygget sto ikkje ferdig før rundt nyttår så det vart ikkje aktuelt.
- Når det gjeld utstyr til demente for at desse skal kunne bevege seg meir fritt er dette sett på vent, då vi er i ferd med å rigge eit prosjekt i Valdres som skal greie ut velferdsteknologiske løysingar for heile regionen. Sluttrapport med tiltaksplan skal leverast 2020.
- Vi søkte og fekk tildelt 200 000 kr i innovasjonsmidlar i 2017 til rehabiliteringsprosjektet. Tre tilsette har teke vidareutdanning i kvardagsrehabilitering, og prosjektet er i god utvikling.

Generelt

- Mobil omsorg har bidrige til at dei tilsette er godt nøgd med å kunne dokumentere og finne aktuell dokumentasjon medan dei er ute på oppdrag i heimane. Dette har styrka pasienttryggleiken, samt effektiviteten i heimetenestane.
- Strø- og balansetreningsprogrammet er vidareført, og det er god etterspurnad og brukarane er fornøgde med tilboden.

Tabell 9-1 Pasientflyt i IHT i 2017

| | 2017 |
|-----------------------------------|-------------|
| Til eigen heim | 32 |
| Frå korttids- til langtidsopphald | 10 |
| Frå eigen heim til langtidsplass | 1 |
| Frå avlastning til langtidsplass | 1 |
| Avlastningsopphald | 20 |
| Dødsfall | 21 |

9.3.3. Helseavdelinga

Avdelinga består av:

- Administrativ leiing
- Legetenesta
- Helsestasjon
- Fysioterapi
- Frisklivssentralen/folkehelsekoordinator
- Arbeid og aktivitet
- Psykisk helseteneste
- Senter mot incest og seksuelle overgrep (SMISO – kjøper teneste av Gjøvik kommune)
- Krisesenter (kjøper teneste av Ringerike kommune)

Helseavdelinga har fokus på at samhandling skal bidra til god folkehelse, førebyggande tenester og samanhengande behandlingsløp. Avdelinga har ein administrativ leiar, i tillegg til fagleiarar med ansvar for å drive og utvikle dei ulike fagområda. Helsestasjonen har to fast tilsette helsestre. Dei er no i gang med opplæring som TIBIR-rådgjevarar (Tidlig Inn for Barn I Risiko).

Helsestasjonen og Psykisk helseteneste har eit sterkt engasjement for barn og familiar, og dei har auka kompetansen for å stå best mogeleg rusta til å møte utfordringane på dette området.

Dagaktivitetstilbodet for heimebuande demente Vindestogo har vore under oppbygging sidan 2013 og har no etablert seg som eit godt tilbod for heimebuande med demens.

Helseavdelinga har dyktige tilsette med lang erfaring og god kompetanse. For å sikre kontinuiteten i tenestane er det fokus på rekruttering.

Avdelinga leverer gode tenester, men det er sjeldan ledigheit på fastleigeliste.

Det er ikkje registrert brukarar frå Øystre Slidre på krisesenteret på Hønefoss eller på SMISO Gjøvik, noko det kan vera grunn til å seta spørsmålsteikn ved.

Tiltak 2017

- Det er løyvd 500 000 kr til ei styrking av bemanninga i dagtilbodet for demente på Vindestogo, slik at ein kan drifta denne med fem brukarar, fem timer per dag, fem dagar i veka.
- Det blir oppretta ein ny fastlegeheimel i 2017. Oppstart i denne er planlagt til andre halvår. Det er ikkje lagt inn ekstra midlar til denne, då det er lagt til grunn at dette er eit nullspel, då den kommunale sjølvfinansieringa for lege i turnus blir trekt inn.

Måloppnåing

- Ved Vindestogo vart det oppretta ei 100 % stilling slik at tilbodet kunne opnast alle dagar i veka med to personale på jobb frå januar 2017. Det var ved årets slutt totalt 13 brukarar, fordelt på ulike dagar. Brukartalet kan variere etter pågang og fråfall.
- Prosessen med ei 4. fastlegestillinga kom i gang. Stillinga vart utlyst og det kom 3 søkjrar, der ein av desse fekk tilbod om stillinga. Det blei gjort tilsetting, men den som vart tilsett trekte seg seinare.

Generelt

- Vi oppnådde full oppdekking av helsesyster då den siste av dei to fullførte utdanninga i året.
- Det er tilsett barnevernspedagog med vidareutdanning i psykisk helsearbeid. Denne har fått eit spesielt ansvar for barn og unge i psykisk helseteneste.
- Utstyrssentralen vart bygd og etablert med integreringsmidlar, i samarbeid mellom folkehelsekoordinator, Frivilligsentralen og Skogprodukt. Her har det vori rundt 100 utlån sidan opningsdagen i september (rundt 300 sportsartiklar i tillegg).
- Ventilasjonen på Helsestasjonen vart reparert og kopla på att.
- Varmepumpe montert på Aktivitetshuset for betre inneklima.
- Vedsalet på Skogprodukt har auka kraftig, dei var tomme for bjørk ved slutten av året.
- Rekordstor påmelding til Stølsveko, som vart arrangert for 5. gong. 50 barn søkte - 35 fekk plass.
- Arrangerte folkehelseeveke 26. august - 3. september, med ca. 350 deltakarar. Dette var eit samarbeid med lag og organisasjoner, næringslivet, FAU ved ØSUS og kyrkjekontoret.
- Nytt O-kart for Heggenes-området på plass våren-17 (blir brukt m.a. i KRØ-undervisning på u-skulen). Det var tilrettelagt stolpejakt i same området, med bra besøk (416 brukarar i 2017). Dette var eit samarbeid med Øystre Slidre IL.

9.4. Utfordringar i området for helse og omsorg

- Det er i ferd med å utvikle seg en situasjon som set den etablerte legevaktordninga i Valdres under press, fordi eit stort andel av legane som vi endå kan tilplikte legevakt i nær framtid vil nå grensa på 60 år, som er til hinder for at vi kan plikte dei vidare i legevaktordninga.
- Det er òg slik at fastlegeordninga er under stort press, då færre søker seg til ei gjerning som allmennlege. Færre ynskjer vaktbelastninga det fører med seg å gå legevakt. Dette gjør det vanskelegare for kommunane å rekruttere fastlegar.
- Kommunane har fått overført frå staten eit sørge-for-ansvar for m.a. rus og psykiatri. Dette betyr at vi står framfor ei utvikling der vi må gje tenester på eit høgare nivå til denne brukargruppa. I samband med dette er det innført ei plikt for kommunane å syte for å ha kommunepsykolog i tenestespekeret innan 2020.
- Vi ser ei utvikling der vi i større grad enn tidlegare blir utfordra på pasient- og brukarrettigheiter. Dette betyr at tenestemottakarane og deira pårørande har fått betre innsyn i kva rettar dei har. Denne utviklinga bidreg til at vi i endå større grad enn tidligare må kvalitetssikre rutinar og prosedyrar. Dette ser vi er positivt for oss, og ikkje minst for pasientane, men det krev mykje tid og ressursar, slik at andre også viktige oppgåver ofte må skyvast på.

9.5. Folkehelseprofilen 2018

Sjå vedlegg (kap. 19).

10. Tekniske tenester

Området tekniske tenester omfattar:

- eigedomsforvaltning
- vedlikehald av kommunale bygg
- kommunale vegar
- tenester innan vatn og avlaup
- brann- og feiarvesen

Totalt sett er teknisk avdeling godt tilgjengeleg. Dette gjeld både på telefon og e-post. Vaktordninga innanfor VA-tenesta gjev 100 % tilgjenge for publikum.

10.1. Viktige saker og hendingar i 2017

- Det er bygd eit nytt leilegheitsbygg i Moavegen 1
- Riving av «Gamle Rogne skule»
- Øystre Slidre ungdomsskule er fortsatt under rehabilitering
- Det er bygd og opna ein skatepark
- Første del av Kjøk – Nordtorp var ferdig
- Andre del av Kjøk hadde oppstart i 2017
- Ombygging av Dalsvegen hadde og oppstart 2017
- Ved Tingvang kommunehus er halvparten av huset måla utvendig

10.2. Mål og måloppnåing

Teknisk drift har som mål å få til enda betre kvalitet på tenestene som avdelinga utfører. Dette vil krevje god samhandling i avdelinga samt god tilgjenge for brukarar. Teknisk avdeling jobbar kontinuerlig med implementering av dei overordna måla i Øystre Slidre kommune. Dette var ei viktig sak for avdelinga i økonomiplan for 2015-2018. Måla er no implementert i avdelinga, og er sentrale i planlegging og utøving av tenestene som Teknisk drift har ansvar for.

Mål i 2017

- Vidareføring av ressursane på dagens nivå
- Tilsette i vakante stillinger
- Kompetanseutvikling
- Vidareutvikla rutinar ved alle tekniske tenestar
- ENØK-tiltak i Øystre Slidre ungdomsskule og Rogne skule
- Legge ytterlegare til rette for tilkopling til vatn og avløp
- Optimalisere av leidningsnett – redusera lekkasjar
- Gjennomføring av investeringsprosjekt

10.3. Kommunale eigedomar

Kommunale tomteområde

Øystre Slidre kommune har byggefelta Solhauglie, Beitohagin, Klyppemyrhaugen og Løkjisskogen. I tillegg har ein fått tre tomter ved gammeskulen i Volbu. Det har vore stille når det gjeld sal av bustadtomter i 2017. Heimesida er oppdatert med lenke til prospekt og reguleringsføresegner.

Kommunale bygg og vaktmeistertenester

Det har vore eit aktivt år på dette området. Nokre oppgåver har vaktmeistarane sjølve teke på seg, medan andre oppgåver har vore ute på anbod. Ved legekontoret er det skifta dører ved skadestoga og asfaltert utanfor. Ved sjukeheimen har ein asfaltert nokre punkt som var dårlige. Lidar skule har fått

utvendig solskjerming. Det er montert teleslynge på møterom og i «kantina» på Tingvang samt i eit klasserom på Rogne skule. Infoskjerm er installert i resepsjonen på Tingvang, og det er pussa opp ei leilegheit ved Solemoen. Måling av kommunehuset var ute på anbod. Halve huset vart måla i 2017, resten i 2018.

Moavegen 1 og 3

Det er bygd eit nytt leilegheitsbygg i kommunal regi i sentrum av Heggenes. Det er fire leilegheiter på ca. 50 m² kvar. Bygget er definert som eit omsorgsbygg.

Bygging av skatepark

Det vart lyst ut anbod og bygd ein skatepark ved tomta til det nye ungdomshuset. Mesteparten av midlane kom frå søknader på eksterne midlar. Teknisk avdeling stod for anboden og var byggherre. Nokre av dei som var med på bygginga sponsa også prosjektet. Det var ein flott opning med mange til stades 14. oktober.

Gamle Rogne skule og uteområdet Rogne skule

Det var lagt ut anbod på riving av «Gamle Rogne skule». Arbeidet vart utført utan problem for skulen. Det vart samstundes lagt ut anbod på bygging av gangvegen forbi skulen som ein del av forlenginga av gangvegen til Rogne skule. Dette blei gjort utover hausten og er no ferdig asfaltert og lyssett. Uteområdet er planert.

Øystre Slidre ungdomsskule

I 2016 løyvde kommunestyret midlar til rehabilitering av ØSUS, m.a. etter pålegg frå Arbeidstilsynet og Mattilsynet. Det blei gjort mykje i 2016 og vi har fortsatt i 2017. Der det har blitt skifta ventilasjonsanlegg i garderobar og svømmehall. Har skifta dei fleste vindauge i bygget, og sett inn nye panelomnar. Dette er no kopla opp mot eit SD anlegg. Alle innedørar er skifta, samt lås og beslag på dei. Vi har måla nokre få klasserom og korridorar. Vaktmestarane har laga nye benker i korridorane. Vi har senka ei himling i ein korridor. Det er skifta golv belegg i dei fleste klasserom og korridorar. Garderoben til lærarane er måla og pussa opp i tillegg til resepsjon og kontordel. Det er òg montert utvendige persiener på eit klasserom og på kontordelen.

Sjukeheimen

Sjukeheimen blir kontinuerlig pussa og flikka på. I 2017 har vi lagt ny «duk» på deler av taket da det var lekkasje der.

10.4. Reinhaldstenesta

Det er omorganisert litt i reinhaldstenesta. Teknisk drift har òg gjeve tilbod til dei andre valdreskommunane om å laga reinhaldsplaner for desse på timebasis. Reinhaldsleiaren i kommunen har laga reinhaldplanar for fleire bygg i andre kommunar. Dette vil ein fortsetta med framover.

I år har anboden for levering av papir, såpe m.m. til alle valdreskommunane vore ut på nytt anbod. Kommunen har fortsatt med å arrangere ein felles fagdag for alle kommunale reinhaldarar i Valdres i samarbeid med leverandør. Det var nærmare 100 reinhaldarar som deltok på seminar og minimesse på Tingvang. Dagen var lagt opp med forskjellige faglige seminar som HMS, maskiner og golvbehandling, motivasjon, samt felles lunsj og minimesse.

10.5. Kommunale vegar

Vi starta i 2015 kartlegging av vedlikehaldsbehova på vegane, som for eksempel innmåling og registrering av alle stikkrenner. Dette blei gjort for å kunne lage ein godt vedlikehaldsplan for å ha betre kontroll med kva som må gjerast samst å kvalitetssikring på vegane framover. Det vi har prioritert i 2017:

- Det var vårfлом i Volbu. I samband med dette måtte ein utføre mykje reparasjon av veg. Det blei òg lagt ned varmekabel i stikkrenne frå innkjøring til Løken og nedover, samt ein del grøfting i området.
- Opprusting av Kølbrøtavegen, med grøfting, hogging av tre og reinsking av stikkrenner.

- 2017 har hatt ein del sommar- og vintervedlikehold, som grusing, høvling, skilting, tining av stikkrenner, strøing og brøyting. I tillegg har det vore ein god del rydding av skog og kratt for å betre trafikksikkerheit og redusere generell attgroing.

10.6. Vatn og avlaup

Mål

- Sikre abonnentane og godt vatn
- Hindre forureining
- Vidareutvikle og forbetre rutinar
- Legge ytterlegare til rette for tilkopling til vatn og avløp
- Kontrollere, dokumentere og dermed redusera lekkasjar på vassleidningar og framandvatn inn på avløp
- Utføre dette på økonomisk best mulig måte

Tiltak

Både årsrapportar frå Driftsassistansen for vann og avløp i Oppland (DIO) og prøveresultat viser at vi har god kontroll på anlegga våre.

Fortsatt er biokjemisk oksygenforbruk (Bof 5) på Nedrefoss ei utfordring, så her må vi inn med tiltak (biotrinnet). Arbeidet med å kvalitetssikre og gå vidare med dette prosjektet må i gang.

Vassforsyning

Tenesta omfattar drift og vedlikehald av Ole vassverk – som forsyner Beito, Beitostølen og Skammestein – samt Kollstad vassverk – som forsyner frå sør t.o.m. Rogne skule. Lekkasjesøk blir prioritert, og er og blir ei kontinuerlig oppgåve.

Ole vassverk

Ole vassverk leverer vatn med stabilt god kvalitet. Ole VV fungerer godt. Det har i 2017 ikkje vore driftsstans på det kommunale hovudnettet som har gjort nettet trykklaust. Det er det private nettet som står for lekkasjen. Slike lekkasjar blir påvist og reparert. Arbeidet med lekkasjesøk vil fortsatt ha høg prioritet på bar mark.

Kollstad vassverk

Kollstad vassverk leverer vatn med stabilt god kvalitet, og det har i 2017 ikkje vore driftsstans på det kommunale hovudnettet som har gjort nettet trykklaust. Vidare plan på kor forsyninga til Kolstad VV vil bli, er spennande for å kunne ha ei sikker vassforsyning i sør.

Avlaup

Kontroll og vedlikehald av avløpsnettet vil framover få høgare prioritet enn før. Vi tok i bruk eit internkontrollsysteem for avløp i 2016, som i større grad enn før dokumenterer vedlikehaldet vårt og gjev oss betre kontroll. Dette er ei god hjelpe i det daglege arbeidet.

Beito reinseanlegg

Ved normale driftsforhold fungerer anlegget bra, med 12 prøver som tilfredsstiller krava for akkreditert prøveuttak. Det er litt for liten kapasitet i høgsesongar (spesielt påske), då konsentrasjonen av organisk stoff kan bli for høg. Vi ser at dette vil by på utfordring framover. Drifta av Beito RA går godt.

Utfordingane ligg fortsatt på toppbelastninga ved høgtider som jul, nyttår og påske.

Nedrefoss reinseanlegg

Anlegget fungerer som tidlegare godt, med eitt unntak: evna til å fjerne organisk stoff. Her viser ein vesentleg del av prøvene resultat som er dårligare enn kravet. Nedrefoss RA har etter kvart fått ei stabil

drift. Det er fortsatt Bof 5 (biokjemisk oksygenforbruk) som er utfordringa. Arbeidet med å kvalitetssikre og gå vidare med biotrinnet bør i gang. Målet er stadig å optimalisere reinseprosessen ut frå dei forholda vi har.

Ygna reinseanlegg

Ygna RA behandler ganske små mengder, og prosessen her fungerer godt.

10.7. Brann og feiing

Øystre Slidre brannvesen hadde 64 uthyrkingar i 2017, som er litt over «normalen» dei siste åra. 30 av desse var automatiske alarmar (unødige alarmar).

Materiell

Ein ventar fortsatt på den nye tankbilen på Beitostølen. Vi har ein tankbil til låns frå leverandør av tankbil så lenge den nye tankbilen ikkje er levert.

Øvingar

Det er halde 12 ordinære brannøvingar i 2017. I tillegg er det gjennomført lagøvingar i samband med helge-/vekevakter (blir gjennomført i samband med vaktskiftet).

Kurs/Seminar

- 3 mannskapar (tilsett 2016) har gjennomført nettbasert kurs i brannvern.
- 5 mannskapar har deltatt på oppfriskingskurs i uthyrkingskjøring (kode 160).
- 2 mannskapar (tilsett 2016) har gjennomført opplæring og avgjort prøve for kompetansebevis for fører av uthyrkingskjøretøy (kode 160).

Vaktberedskap

I Valdres er det i løpet av året fleire store arrangement, som "Norsk Rakfiskfestival" og "Trollrock". Desse arrangementa genererer store folkemasser og mykje trafikk på våre gjennomgangsveger mv. Dette utgjer en unormal risiko, dvs. eit avvik frå vår daglege situasjon. I slike tilfelle er det krav om auka beredskap, noko som i praksis vil si at våre brannmannskap blir pålagt vaktberedskap. Slike "ekstravakter" har etterkvart medført store kostnader for brannvesenet.

Feiarvesenet

Feiring er utført, men data er ikkje registrert i kommunen sitt saksbehandlings-/faktureringssystem for eigedomsgebyr (KomTek).

10.8. Investeringsprosjekt/utbyggings i 2017

ØSUS – Rehabilitering

Dette prosjektet er fortsatt under arbeid. Det er fram til no skifta ventilasjonsanlegg i blokk A, B og C samt garderober og symjehall. Dette merkar ein allereie god verknad av. Det er måla og skifta belegg og innedører.

Brannbil/uthyrkingskjøretøy

Det er bestilt ein ny tankbil til Beitostølen, som ikkje er levert ennå.

Moavegen 1 omsorgsbustader

Er ferdig og det blei 4 flotte leilegheiter. Uteområdet skal gjerast ferdig sumar 2018.

Sanering av «Gamle Rogne skule»

Skulen er riven, og noko av uteområdet er gjort ferdig. Som gangveg frå parkeringsplassen og rundt til busstopp.

Utbyggingar på VA

Grønolslie utbyggingsområde og Størrtjednlie utbyggingsområde er overtekne.

Fyrste del var av prosjektet Kjøk - Nordtorp var ferdig juni 2017. Andre del av anlegget hadde oppstart November 2017 (skal vere ferdig juni 18). Det same med Dalsvegen.

11. Næring og byggesak

11.1. Generelt om avdelinga og hendingar i 2017

Avdeling for næring og byggesak har oppgåva med å forvalte kommunens ansvar etter mange ulike lovverk. I tillegg kjem forvaltningsoppgåver knytt til planar og oppfølging av ulike politiske vedtak.

Også i 2017 har det vore særsmalede delings- og utbyggingssaker. Sakshandsamingstida per sak har økt, då ein også fekk eit betydeleg ansvar for å utarbeide det materielle grunnlaget for eigedomsskatten. Det er ei positiv haldning i avdelinga til å ta ansvar for andre og nye oppgåver i slike situasjonar, og samla sett har ein likevel klart å få unna dei aller fleste sakene innanfor akseptable tidsrammer. Langt dei fleste kurante søknadane vart handsama godt innanfor dei tidsfristane som er sett i plan- og bygningslova.

Kommunen har generelt god styring og orden i eigedomsgrenser og matrikkel. Dette har lettet arbeidet med innføring av eigedomskatt. Det er sentralt og særsmalt viktig at dette er i orden for effektiv og rask handsaming av mange ulike saker. Vi har i 2017 sett vilkår om oppmålingsplikt på tomter i samband med byggesøknader, der det ikkje er sikre grenser.

Avdelinga har utført ein del lovpålagte byggeplasstilsyn. Ein har også følgt opp bygg og påbygg som er oppførte, utan at naudsynte løyper er på plass. Gjennomgang av materialet fra eigedomskattetakseringen, syner at det er ein del bygg som ikkje er omsøkte eller registrerte i matrikkelen. Avdelinga arbeider med ein strategi for å få retta opp i tilhøva. Avdelinga har utarbeidd ein tilsynsstrategi som er vedteken i formannskapet. Denne gjev rammer for tema, omfang og sanksjonar.

Nasjonalt krav om innføring av nye sakshandsamingsrutinar for saker om konsesjonsfridom, har gitt avdelinga eit betydeleg meirarbeid i høve tidligare praksis. Dette er knytt til saksregistering i kommunens sakshandsamingssystem og innlegging av data i Kartverkets databaser. Vi håndsamrar om lag 400 slike skjema i året.

På næringsutviklingssida ser avdelinga det som ei viktig oppgåve å sørge for god og effektiv sakshandsaming. Dette gjev mange i næringslivet gode rammeverk. Det er eit mål å auke den utoverretta verksemda. Kommunen og avdelinga har elles god og tett dialog med Beitostølen Utvikling, der vi m.a sit i styret. Kommunen har vore ein sterkt pådrivar for å få etablert terrenghykkelløype på Beitostølen, og fått på plass alle naudsynte avtaler. Målet er at næringa hausten 2018 kan tilby eit spanande og nytt opplevingsprodukt.

Innan landbruket rår det framleis ein forsiktig optimisme. Det er gledeleg å sjå at ein det siste året har vore ein del eigarskifte, der dei nye brukarane held fram med mjølkeproduksjon. Etter eit par særsmalede år på byggefronten i 2012 – 2014 har talet halde seg på 2-3 saker i året. I 2017 vart det eitt større prosjekt på tilleggsnæring som fekk tilskot, samstundes som føretaket fekk bygdeutviklingsprisen for Oppland. Det er også bygd eit større grisehus, men dessverre fell denne satsinga utanom offentlege støtteordningar.

Ny struktur og nytt regelverk for IBU-midlar (BU) er under utgreiing, og vil truleg gje endra rammer for løvingar frå ordninga i åra framover.

Året 2017 har også vore eit år med svært stor byggeaktivitet, og det er handsoma mange saker. I 2015 var vi ottefulle fordi det berre vart gjeve byggeløyve for eitt bustadhus. Det er derfor no gledeleg å melde at det både i 2016 og i år er gitt 5 byggeløyve til nye bustadhus.

Det er framleis att attraktive byggeklare tomter for fritidshus og næringsbygg i regulerte områder, og det er framleis reserver i Markahøvda. Det er starta opp plan for områderegulering i Størrtjednlie, og reguleringsplaner i Robølshøvda og på Garli vil når dei er godkjente, gje fleire byggeklare tomter. Det er store mogelegheiter vidare innover Gravfjellet, men det står framleis att ein del avklaringar, spesielt med omsyn til framføring av vatn og avløp, før reguleringsplanarbeid i aktuelle områder med tilhøyrande utbygging kan sluttførast. Utbyggingsprosjekta i sentrum av Beitostølen vil gje mange nye einingar. Høg byggeaktivitet innanfor sektoren fritidsbustader/fritidsleilegheiter er svært viktig for sysselsettinga i kommunen.

Konkuransen om hyttebyggaren har vorte hardare. Vakre kulturlandskap, samt eit ski- og løopenett i beste klasse, er naudsynt for å vinne fram blant konkurrentane. Det er også viktig å løfte fram nye

opplevelingstilbod, som t.d. gode sykkeltraséar. Kommunen har prioritert å bruke ein del midlar på desse felta, og forsterkar innsatsen i komande år.

Talet på ulike slag saker som blir handsama, har vore betydeleg høgare enn året før. Hovudforklaringa på dette er ein auke i registrerte konsesjonssaker, som omtala over.

Delegasjonssaker inneheld i tillegg til byggesaker, delingssaker, konsesjons- og jordlovssaker, også saker om SMIL-midlar, grøfting, nydyrkning, sjukdomsavlysing, motorferdsel og viltsaker.

11.2. Byggesak

Øystre Slidre kommune vedtok i januar ein ny arealdel til kommuneplanen. Planen tillèt no større bygg og større utnytting av tomtene enn før. Ein ser no at dette har resultert i ei betydeleg auke i talet på saker som gjeld tilbygg. Dette er med på å trygge arbeidsplassane, spesielt til mindre byggeføretak, då dette er arbeid som normalt blir sett ut til denne type bedrifter.

Kommunens oppfølging av den 5-årige fristen for byggeplikt på byggetomter i 2016 ser ein også har resultert i mange nye byggesaker. Ny regjering oppheva kravet om 5 års byggefrist med verknad frå 1. september i år. Her mistar kommunen eit viktig verkemiddel for å styre arealbruk, og sikre seg inntekter for å få attendebetalt vatn- og avløpsinvesteringar gjennom tilkoplingsavgifter.

Det er også no hausta ein del erfaringar frå den endringa i bygningslova som trådde i kraft frå 1.juli i 2015. Ein ser at det lettare kan skje mistak som kan føre til at det blir sett opp ulovlege bygg, eller at det kan bli konfliktar med eventuelle naboor. Likevel må ein seie at problemet har vore mindre enn ein frykta.

Tabellen under syner også at det er mange søknadar som gjeld utsleppsløyve til spreidde avløpsanlegg. Slike søknader kjem ofte som eit produkt av at det blir ført fram straum til eldre hytteområde. Dette er ei utvikling som aukar bruken av hyttene. Dette er positivt, men ein ser også at denne utviklinga kan gi ein del forureiningsutfordringar på sikt. Arbeidet med ein eigen kommunal vatn- og avløpsplan blir eit viktig styringsverktøy for kommunens sakshandsaming i slike saker. Under dette arbeidet er det avdekka at svært mange anlegg for spreitt avløp i bygda slit med datostempplinga. Det blir viktig for kommunen å bruke ressursar på å rydde opp i dette i åra som kjem.

Kommunen vedtok i haust å innføre ei særeiga tilskotsordning og eit spesielt regelverk for å redusere kostnadane til bygging av stikkledningar fram til kommunalt nett. Ordninga skal administrerast av Næring og byggesak. Det blir ein viktig reiskap for å løyse utfordringar med forureining, og gje fleire av kommunens innbyggjarar nok og godt vatn.

Tabell 11-1 byggeaktiviteten fordelt på type bygg. I tillegg er tal seksjonerings-/delings- og konsesjonssaker teke med

| Type sak | 2010 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|--------------------------------|------|------|------|------|------|------|
| Nye heilårsbustader | 16 | 7 | 4 | 1 | 5 | 5 |
| Nye hytter/anneks hytte | 16 | 29 | 37 | 32 | 56 | 59 |
| Uthus/garasje og andre bygg | 60 | 29 | 34 | 15 | 32 | 23 |
| Tilbygg og påbygg bustad | 5 | 9 | 7 | 12 | 11 | 17 |
| Tilbygg og påbygg hytter | 44 | 30 | 35 | 24 | 22 | 42 |
| Landbruksbygg – tilbygg og nye | 15 | 10 | 5 | 14 | 10 | 4 |
| Nærings/forretningsbygg | | 3 | 5 | 0 | 4 | 12 |
| Bygg off. formål | | | | | | |
| Veganlegg | 6 | 4 | 9 | 2 | 6 | 5 |
| Utsleppssaker | 37 | 23 | 46 | 33 | 48 | 35 |
| Oppmålings- og delingssaker | 90 | 100 | 70 | 119 | 130 | 139 |
| Konsesjonssaker | 6 | 10 | 10 | 13 | 69 | 346 |
| Seksjonering | 1 | 2 | 3 | 1 | 1 | 3 |

Kring 415 mill. kr i omsetnad og verdiskaping

2012 var fyrste året kommunen berekna areal på bygg for å synleggjere eit konkret volum på ny busetnad. Også i 2017 har det vore stor aktivitet på hyttefronten. Spesielt har talet på tilbygg auka, noko som i stor grad er knytt til endra rammer i kommuneplanens arealdel. Det er også gledeleg at bygginga

av bustader har kome i gang att, etter at ein i 2015 berre hadde eitt nybygg. Om ein t.d. reknar 35 000 kr/m² for all husbygging til varig opphold, og 10 000 kr/m² for landbruk/næringsbygg, står byggesektoren for ei samla omsetning på meir enn 415 mill. kr, eller om lag 132 000 kr per innbyggjar.


Tabell 11-2 Bebygd areal (BYA) kvadratmeter

| Type sak | 2012 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|--------------------------------------|--------|--------|-------|--------|--------|
| Bustader | 950 | 1 351 | 910 | 879 | 855 |
| Fritidsbustader og annekts | 4 360 | 4 943 | 4 783 | 8 333 | 8 274 |
| Tilbygg bustad | | | | | 574 |
| Tilbygg hytter | | | | | 1 318 |
| Garasje/uthus for hytter og bustader | 1 620 | 1 161 | 519 | 1 679 | 1 307 |
| Landbruksverksemnd | 3 050 | 1 063 | 1 091 | 1 866 | 475 |
| Anna næring | 760 | 2 582 | 935 | 1 090 | 1 900 |
| Offentlege bygg | | 1 256 | 0 | | 466 |
| Totalt | 10 740 | 12 356 | 8 933 | 14 847 | 15 169 |

11.3. Kart og oppmåling

Vi har ingen etterslep på oppmåling. Talet på oppmålingssaker held seg godt oppe, og kommunen gjennomførte 139 oppmålingssaker i 2017.

Av desse var det 99 frådelingar, 14 klarleggingsaker der 7 var vilkår p.g.a. bygging, 11 arealoverføringar, 5 samanslåingar, 4 oppretting grunnboksblad, 3 private avtaler, 1 seksjonering og 2 reseksjoneringssaker.

Figur 11-1 Utvikling i tal oppmålingssaker 1992-2017

Talet på «sirkeleigedomar», som var utan sikre og målte grenser, er redusert ned til kring 630. Dette kan skuldast ekstra innsats frå oppmålingsingeniøren, ved at ein går ut med kollektive tilbod til eit større område. Det er framleis naudsynt å arbeide vidare med dette, samt å gjera ein innsats for å få på plass alle grensene langs vegnettet i kommunen. Det er intensjonen i lova å bidra til at kvaliteten på matrikkelen blir betre og meir komplett. Retting av reelle feil blir normalt utført utan å krevje gebyr. Ved nyttår vart eit 3-årig felles matrikkelforbettingsprosjekt i Valdres avslutta. Sluttrapport er levert og presentert i regionale og nasjonale fora, då den peikar på tiltak som bør følgjast opp vidare både med omsyn til lovheimlar, system og finansiering.

Kartinnsynsverktøyet GeoInnsyn som kommunen no har tilgang til, gjer at ein lettare kan gjera eit enkelt og raskt kartinnsyn for å sjå på kart, flyfoto, planer og eigedomar på nettrett og smarttelefon, også ute i felt. Oppmålingsingeniøren er sterkt involvert i regionsamarbeid på kartsida, og sit som representant for småkommunane i ei sentral faggruppe for matrikkelen i Norge.

Kommunen er originaldatabasevert for det nasjonale kartsystemet AR5 eller «Areal og ressurskart»

11.4. Jordbruk

Generelt


Ein ser at landbrukspolitikken verkar over tid. Produksjonen av sau/lammekjøt har auka mykje, med heile 20 % frå 2010. Det er først og fremst produksjonen som aukar, ikkje talet på produsentar. Det har dei siste åra i denne delen av landbruksnæringa blitt brukt sterke økonomiske verkemiddel, som har stimulert til volumauke på enkeltbruk. Nasjonalt strir sauehaldet i 2017 med overproduksjon og synkande avrekningsprisar.

Det har òg vore ei auke i produksjonen av storfekjøt frå 263 tonn i 2010 til 309 tonn i 2017. Dette kan i hovudsak skuldast auke i ammekuproduksjonen, slik ein òg ser nasjonalt. Det er grunn til å frykte at ein også her kan få problem med at det blir produsert for mykje.


Eitt føretak i kommunen har starta opp med grisehald i større skala, og det vart i 2017 produsert 27 tonn svinekjøtt i kommunen.

Produsert mjølkemengde i Øystre Slidre har auka i fleire år, trass i ein reduksjon av talet på produsentar. No ser det ut til at denne trenden er snudd. Næringa produserte 255 000 liter mindre mjølk i 2017 enn i 2015, men om lag det same som året før. Kommunen hadde 64 mjølkeprodusentar (geite/kumjølk), mot 75 i 2011. Av desse var 57 kumjølkprodusentar og 7 geitemjølkprodusentar, der to har eigenforeldlingskvote. Det er likevel 105 gardsbruk som framleis har aktive mjølkekvote.

Figur 11-2 Mjølkeproduksjon ku i Valdres, utvikling 2010-17



Figur 11-3 Kjøttproduksjon Valdres, utvikling 2010-17



Generelle økonomiske verkemiddel over jordbruksavtalen har auka noko frå 2010/2011 fram til 2017. Jordbruksnæringa fekk i 2017 38,5 mill. kr i produksjons- og avløysartilskot, fordelt på 152 søkjurar eller kr 253 000 per søkjær, mens den i 2011 fekk 36,8 mill. kr fordelt på 160 søkjurar, eller 213 000 per søkjær.

Jordbruksarealet i bruk er om lag som før. Det er stor etterspurnad etter leigejord i bygda. Kommunen har 6 500 daa jordbruksareal over 850 m. Av dette er 2 240 daa fulldyrka eller overflatedyrka mark. Desse areaala er ikkje nytta optimalt i dag.

Det er omdisponert 30 daa dyrka mark i 2017. Dette er i hovudsak ein planlagt gangveg i Rogne.


Mykje, og ein aukande del, av produksjonstilskota er knytt til ulik arealbruk. Dette er kraftige verkemiddel for å halde arealet i hevd. Tilskota utgjer ein svært stor del av økonomien på gardsbruka. Det er utbetalt kring 3,4 mill. kr etter tilskotsordninga "Regionalt miljøprogram".

Størst del går til tilskotsordningar knytt til stølsbruken. Næringa genererer ca. 42 mill. kr samla i ulike produksjonstilskot. Det er ein vekst i interessa for ammekyr. Dette er ei spanande utvikling, men det gjev òg ein del nye utfordingar med omsyn til arealbruken i utmarka.

Samla står næringa for ei betydeleg verdiskaping. Ut frå snittprisar i marknaden, samt leveransestatistikkar, gjev primærnæringane jordbruk og skogbruk ei samla verdiskaping på noko over 110 mill. kroner.

Rovdyrskadane, spesielt i enkeltbesetningar, har vore ei stor påkjenning og utfordring. Kommunen har i 3 år tilsett eit eige tilsyn i fjellet. Attendumdingane frå næringa på dette tiltaket har vore svært positive. Tapa dei tre siste åra har heldigvis vore små for sauennæringa samla, men enkeltbesetningar har framleis for høge tap.

Figur 11-4 Verdiskaping i landbruket i Øystre Slidre



Den grafiske framstillinga syner at landbruket står for ei stor verdiskaping. Landbruksnæringa har òg spesielt stor multiplikatoreffekt m.o.t verdiskaping i andre næringar, då næringa etterspør mange ulike type varer og tenester i produksjonen, ofte lokalt eller regionalt.

Det er handsama i alt 9 SMIL-søknadar, med tilsegn om tilskot på i alt 472 000 kr.


Det er framleis ein god aktivitet på byggefronten i landbruket, og fleire diskuterer byggeplanar og finansiering med kommunen. I 2017 hadde vi berre eitt prosjekt som vart finansiert av BU-midlar, ei større utbygging for tilleggsnæring. Gledeleg nok har eit føretak satsa på oppdrett av slaktegris, trass i at denne produksjonen ikkje kjem inn under BU-ordninga, slik reglane er no. Det er svært gledeleg at det blir satsa på å fornye bygningsmassen innanfor landbruksnæringa, då denne næringa har stor betydning for sysselsetting og økonomi i kommunen.

Strategiarbeid

Det har frå politisk hald og frå organisasjonane vore eit ønske om at ein saman med kommunen kunne sjå på korleis ein kan gripe an utviklinga for korleis ein lokalt kan bidra til å skape meir føreseielege rammer og ei meir attraktiv næring. Saman med representantar for faglaga har ein i 2017 laga eit utkast, som no skal handsamast som ei høyring hjå medlemmene.

11.5. Skogbruk

Figur 11-5 Utvikling i avverking og planting 1999-2017



Øystre Slidre ligg i eit marginalområde når det gjeld avstand til tømmerkrevjande industri, og transporten er baka inn i tømmerprisen. Til tross for at tømmerprisane falt i både 2015 og 2016, auka avverkinga. I 2017 har prisane vore så dårlege at tømmerkjøperane har slitt med å få positivt resultat i driftene, og dette viser igjen på avverknings-statistikken for 2017.

Det var ei nedgang i avverkinga frå 23 405 m³ i 2016 til 15 709 m³ i 2017. Det vart levert tømmer frå Øystre Slidre til ein samla bruttoverdi av nesten 4,5 mill. kr. Av dette vart 574 935 kr avsett til skogfond. Gjennomsnittleg skogfondstrekk er 12,6 %.

Det er handsama 7 saker angående hogst i vernskog. Det er liten lokal foredling av tømmer/skogbrukets råstoff, med unntak av det som går til bioenergi.

Fylkesmannen tildeler ein pott NMSK-tilskot (Nærings- og miljøtiltak i skogbruket) til kvar kommune, og kommunane bestemmer tilskotsprosent og forvaltar tilskotet vidare. Regjeringa har auka tilskotspotten mellom anna til skogsvegar, medan tilskotet tilgjengeleg til skogkultur vart mindre. I 2016 vart det i tillegg innført klimatilskott til tettare planting og til gjødsling av skog, begge desse tilskota vart vidareført i 2017.

I 2015 vart Valdreskommunane samde om fellers tilskottssatsar NMSK for dei ulike skogkulturtiltaka (markberedning, planting og ungskogpleie). Grunnlaget for samarbeidet om tilskottssatsar var mellom anna å gjøre det enklare å gjennomføre det regionale tre-årige prosjektet «Skogkulturprosjektet i Valdres», som starta opp våren 2015. Det var gode resultat i prosjektet dei to første åra, men aktiviteten sank det siste året.

Det vart ikkje utbetalt i NMSK-tilskot i 2017, mot 87 562 kr i 2016 og 82 417 kr i 2015. Grunnen er at det ikkje vart utført ungskogpleie eller markberedning i 2017. Truleg er dette skulda at etterspørsla i marknaden etter skogkultur vart metta, i tillegg til at dårlege tømmerpriser gjer at investeringsviljen hos skogeigerane til pleie av framtidsskogen blir mindre. Dette sjølv om at alt tilseier at det er ved god ungskogpleie at skogeigerane skaper verdiar i framtidsskogen.


Ein viktig «biverknad» av samarbeidet mellom kommunane og jamlege faggruppemøter med skog som tema, er at Valdreskommunane står fram som meir samla og difor har fått betre gjennomslag hos

fylkesmannen. Prosjektet blir avslutta våren 2018, men det gode samarbeidet mellom kommunane held fram.

11.6. Viltforvaltning


Det vart utført elgbeitetakst i Øystre Slidre 2008, 2009 og 2016, og etter planen skal det utførast ny beitetakst igjen i 2019. Overvakningstakst er nytta som takstmetode. I dei registrere bestandane var det hard beiting på furu, og beiting av ROS (Rogn, Osp, Selje) like i overkant av den anbefalte grensa for overbeiting. Resultata viser på at det er betydelege avgrensingar i tilgangen til vinterføde i de takserte bestandane. Både takseringane og det visuelle inntrykket i felt tyder på at det for vinterbestanden av elg er mangel på gode beitbare planter i dei takserte bestandane.

Figur 11-6 Beitegrad - utvikling



Beitegraden blir oppgitt i %. Beitegraden talfestar kor stor del av dei nye skota som vart beita sist vinter. Det er vanlig å regne at plantene tåler ein gjennomsnittleg beitegrad på 35 % utan at produksjonsevna blir redusert, 35 % er difor satt som grense for overbeiting. Samanlikna med resultata frå 2008 og 2009 viser resultata ein auke i beitepresset frå elg i 2016.


Dersom denne overbeitinga held fram kan det i verste fall øydelegge naturgrunnlaget for elgen, og etter kvart påverke kondisjon, slaktevekter og fertilitet, også med store problem for ei tilfredsstillande forynging av skogen. Resultata frå elgbeitetaksten kan ein sjå i samanheng med grafen nedanfor, som tydeleg viser at bestandsveksten for elg er større enn jaktuttaket dei siste åra. Auka i «sett elg» frå 2012-2017 er 95 %, medan auka i felt elg same periode berre er på 66 %.

Figur 11-7 Felt elg og sett elg per dagsverk

Talet på felt elg har dei siste 5 åra vore mellom 68 og 113 dyr, og målsettinga for elgforvaltinga i kommunen er ei stamme som står i høve til beiteressursane, med ei årlig avskyting på rundt 100 elg. I 2017 var det lagt opp til ei felling av 120 elg for å stanse veksten i elgbestanden, men dei siste 7 elgane vart ikkje felt.

Fellingsresultatet for hjort har auka, og for rådyr er fellingsresultatet i 2017 om lag som i 2016. Svingingar i rådyrbestanden kjem som fylge av snøtilhøva det enkelte år og predasjonstrykk frå mellom anna rev og gaupe. Frå 2013 til 2014 var det nesten ei dobling i avskytinga av hjort, og ein ytterlegare dobling frå 2015 til 2017. Dette kjem i tillegg til at bestanden av hjort har auka og at bestandsplanen for elg og hjort som vart godkjent i 2014, opnar for meir fleksibel avskyting.

I 2017 vart det lagt opp til ei endå friare avskyting av hjort, i form av at kvotene til jaktfeltha vart tildelt som frie dyr. Endringa vart gjort for å forsøke å auke avskytinga og interessa for hjortejakt, dette ser foreløpig ut til å vere ei vellykka endring.

Figur 11-8 Felte rådyr og hjort 2008-17

12. Kraftforvaltning

Kraftforvaltinga i 2017

Kraftforvaltinga i kommunen blir gjennomført i samsvar med vedtak i kommunestyresak 43/13, der strategi for kraftforvaltinga for perioden vart fastsett.

Frå og med 1.1.2014 har det vore Axpø Nordic A/S som har vore den eksterne forvaltaren av krafta.

Økonomisk resultat 2017

Kommunen disponerer ei kraftmengde på om lag 54,5 GWh. Av konsesjonskrafta og andelskrafta vart 48,9 GWh selv på kraftbørsen. Kraftproduksjonen på Skoltefoss kraftstasjon utgjorde i 2017 2,7 GWh, som i sin heilhet vart selt på kraftmarknaden. Resterande del av kommunekrafta vart brukt i eigne kommunale bygg.

Oppnådd kraftpris kWh for 2017 vart på 27,8 øre.

Kommunen selde all kraft på spotmarknaden i 2017.

Figur 12-1 Samanlikning omsetning i kraftforvaltinga 2015-17 per månad



Tabell 12-1 Inntekter fra kraftsektoren i 2017 (beløp i mill. kr)

| | Rekneskap 2017 | Budsjett 2017 |
|---------------------------------------|-------------------|------------------|
| Refusjon frå OE - KV22 kalvedalslinja | 1,10 | 0,0 |
| Andelskraft frå Lomen og Faslefoss | 7,75 | 7,2 |
| Konsesjonskraft | 6,20 | 6,5 |
| Skoltefoss kraftstasjon | 0,78 | 1,0 |
| Utbytte VEAS | 1,50 | 1,0 |
| Utbytte Eidsiva | 0,57 | 0,7 |
| Sum | 17,90 | 16,4 |

13. Finansforvaltning

Kommunen har per 31.12.2017 alle midlane plassert i bankinnskot på vilkår fastsett i rammeavtale med banken.

Likviditeten til kommunen er god.

Kommunen har hatt ein klar politikk på å ha flytande rente på storparten av lånemassen. Over tid vert renta da lågare, og kommunen sin økonomi har så langt vore robust nok til å takle svingingane.

Tabell 13-1 Økonomisk oversikt - finansområdet

| | Rekneskap 2017 | Budsjett 2017 | Rekneskap 2016 |
|-----------------------------|---------------------------|--------------------------|---------------------------|
| Renteinntekter | -3 308 442 | -4 110 000 | -3 142 870 |
| Utbytte | -2 209 759 | -1 700 000 | -1 930 340 |
| Kursgevinstar | 0 | 0 | 0 |
| Andre finansinntekter | 45 116 | -130 000 | 142 708 |
| Sum finansinntekter | -5 563 317 | -5 940 000 | -5 215 918 |
| Renteutgifter | 2 965 388 | 4 575 000 | 3 129 754 |
| Avdrag | 9 300 780 | 11 000 000 | 8 710 180 |
| Sum finansutgifter | 12 266 168 | 15 575 000 | 11 839 934 |
| Netto utg finans | 6 702 851 | 9 635 000 | 6 624 016 |

Tabell 13-2 Renteberande omløpsmiddel

| | Saldo pr 31.12.17 | Avkastning |
|--------------------------------|--------------------------|-------------------|
| Sparebank 1 Hallingdal Valdres | 153,5 mill | 1,65 % |
| Valdres Energiverk | 20,0 mill | 6,70 % |
| Eidsiva Energi | 4,9 mill | 7,00 % |
| Sum renteinntekter | | |

14. Årsmelding for Omsorgsfondet 2017

Heime!

I medhald av vedtekten for fondet skal det utarbeidast årsmelding om forvaltning av omsorgsfondet.

Utvikling av fondskapitalen

Tabell 14-1 Omsorgsfondet - utvikling av fondskapitalen 2016-17

| | Beløp |
|------------------|-----------|
| Saldo 01.01.2017 | 1 700 852 |
| Renter 2017 | 24 083 |
| Bruk av fondet | 0 |
| Saldo 31.12.2017 | 1 724 935 |

Den urørlege kapitalen til fondet er på 1 500 000 kr.

Bruk av omsorgsfondet

Det er ikke brukt midler fra omsorgsfondet i 2017.

Plassering av omsorgsfondet

Omsorgsfondet er plassert i Sparebank 1 Hallingdal Valdres på vilkår som følgjer av særskilt avtale mellom kommunen og banken.

Andre gavemiddel

I tillegg til omsorgsfondet er det per 31.12.2017 i årsrekneskapen innan bundne driftsfond oppført 500 434 kr i gavemiddel.

I 2017 fekk kommunen 24 177 kr i gaver, medan det vart gjort bruk av 76 208 kr av gavemidlane.

15. Valdres-GIS – vertskommune Vang kommune

15.1. Årsmelding 2017 for Valdres-GIS

Valdres-GIS (VGIS) er eit interkommunalt samarbeid om geodata og GIS-løysingar for Etnedal, Sør-Aurdal, Nord-Aurdal, Vestre Slidre, Øystre Slidre og Vang kommunar, med Vang som vertskommune for samarbeidet. For å styrke samarbeidet både fagleg og regionalt er det i tillegg etablert samarbeid med: Kartverket Hamar, Valdres Kommunale Renovasjon, Valdres Energi, Vang Energiverk, Sør-Aurdal Energi og VOKKS.

VGIS inneber i mindre grad enn andre vertskommunesamarbeid at vertskommunen tek over forvaltningsoppgåver for dei andre kommunane. Innanfor VGIS vil forvaltningsoppgåver og tenesteproduksjon i dei seks Valdreskommunane normalt bli utført i den einskilde kommunen, men innanfor ramma av vertskommunesamarbeidet kan anna arbeidsfordeling avtalast. Det er tilsett ein GIS-konsulent i 100 % fast stilling i samarbeidet.

Vertskommunen har arbeidsgjevaransvar og er kontorstad for GIS-konsulenten og økonomiansvar for VGIS.

15.1.1. Heilskapleg vurdering

